

NORSK SPRÅKRÅD

Årsmelding 2002

Årsmelding for 2002

1 Innleiing	3
1.1 Melding frå styret	3
1.2 Endring i lov av 18. juni 1971 nr. 79 om Norsk språkråd	5
1.3 Medlemmer og varamedlemmer i Norsk språkråd 2000–2003	5
1.4 Styre, fagnemnd og sekretariat	9
1.5 Stadnamntenesta	11
2 Normering	12
2.1 Nynorsknorma	12
2.1.1 Om arbeidet med norma	12
2.1.2 Vedtak	13
2.2 Bokmålsnorma	13
2.2.1 Om arbeidet med norma	13
2.2.2 Vedtak	13
2.3 Fellesvedtak	14
3 Terminologi	14
3.1 Ny referansegruppe for terminologi	14
4 Språkstyrking	14
4.1 Språkstyrkingsplanen	14
4.2 Forskingsstimulering	15
4.3 Barn og unge	15
4.4 Høgskule og universitet	15
4.5 Arbeids- og næringsliv	16
4.6 Diverse einskildtiltak	16
4.7 Framlegg om å oppretta ein språkkommisjon	16
4.8 Ordsamia	17
4.9 Diplom for godt namneveitt	18
5 Norsk språk og IKT	18
5.1 Norsk språkbank	18
5.2 Språkpris for IKT-området	19
5.3 Samarbeid	20
5.4 Nordisk nettverk for språkteknologi	20
5.5 Nordisk terminologi for språkteknologi	20
5.6 Europeisk nettverk for samling av språkressursar (ENABLER)	20
5.7 Programvare på nynorsk	20
5.8 Terminologi for digitalfjernsyn	21
5.9 Norsk ordbank	21
5.10 Nordisk IKT-gruppe	21
5.11 IKT-ordbok for skuleverket	21
5.12 Tilråding om bokstavar og teikn i norske Internett-domenenamn	21

6	Læremiddelgranskning	22
6.1	Tilbod om kvalitetssikring av trykte og ikkje-trykte læremiddel	22
6.2	Godkjenning av skuleordlister	22
7	Språkleg jamstilling	22
7.1	Lov om målbruk i offentleg teneste	22
7.2	Forsøk etter opplæringslova § 1–4 – sidemålsopplæringa	23
8	Stadnamntenesta	25
8.1	Arbeidsoppgåver	25
8.2	Opplysningsverksemd	25
8.3	Klagenemnda for stadnamnsaker	26
9	Forsknings- og utviklingsarbeid	26
9.1	Arbeidet med nyord	26
9.2	Samling av viktige normeringshistoriske dokument	26
10	Anna verksemd	26
10.1	Nordisk og internasjonalt samarbeid	26
10.2	Norsk språkpris	27
11	Rådgeving og informasjon	27
11.1	Rådgeving	27
11.2	Informasjon	28
11.2.1	Publikasjonar	28
11.2.2	Nettsider	28
11.2.3	Språksider på NRKs tekst-tv	29
11.2.4	Utending av informasjonsmaterieil til dei vidaregåande skulane	29
11.2.5	Orientering om rettskrivingsvedtak til forlag, skular og andre	29
11.2.6	Pressemeldingar og presseklipp	29
12	Fråsegner	30
12.1	Fråsegn om organiseringa av lærarutdanningane	30
12.2	Fråsegn om undervisningsspråk og gradsnemningar i høgre utdanning	31
13	Norsk språkråd og Norsk Riksmålsordbok	31
14	Administrasjon	33
14.1	Budsjett og rekneskap for 2002	33
14.2	Møte i råd, styre og fagnemnd	34
14.3	Kompetanseutvikling og personalseminar	34
14.4	Deltaking på møte, konferansar og seminar	34
14.5	Stadnamntenesta, deltaking på møte, konferansar og seminar	37
 Vedlegg		
1	Lov av 18. juni 1971 om Norsk språkråd	39
2	Vedtekter for Norsk språkråd	40
3	Notat om skiping av ein språkkommisjon	44
4	Framlegg i statsbudsjettet om omdanning av Norsk språkråd	48

1 INNLEIING

1.1 Melding frå styret

2002 har vore eit uvanleg utfordrande og arbeidsamt år for Norsk språkråd. For det første har styret fått gjennomslag for ønsket om omorganisering av dei samla rådsfunksjonane og fått budsjettmidlar til felles leiar for sekretariatet. For det andre fekk vi om lag samtidig brått ein situasjon der begge kontorsjefane sa opp, og styret måtte finna løysingar fort. For det tredje har det vore gjort eit omfattande utgreiingsarbeid knytt til normering, særleg av nynorsk, og det er gjort viktige normeringsvedtak på eit ekstra seksjonsmøte.

Språkpolitikk

Norsk språkråd vedtok på rådsmøtet i 2002 å be regjeringa setja ned ein språkkommisjon med sikte på ei brei gjennomgåing av situasjonen for språket og språkbrukarane i Noreg, der ein også tok for seg Språkrådet. Rådet gjekk inn for å ha eit treårig perspektiv på arbeidet. I framlegget til statsbudsjett for 2003 har statsråd Valgerd Svarstad Haugland svara på dette med å gå inn for å tilsetja ein direktør i sekretariatet og med å gå inn for ei gjennomgåing og nyorganisering av det statlege arbeidet for norsk språk i løpet av 2003. Styret seier seg nøgd med dei initiativa statsråden har teke. Samstundes meiner styret at utfordringane i norsk språkpolitikk treng ei så grundig gjennomgåing som framlegget om ein språkkommisjon inneber. Storsatsinga *Mål i mun* i Sverige er eit døme på ei slik gjennomgåing. Vi er såleis noko uroa, både over tempoet i saka og fordi vi førebels ikkje kjenner korleis departementet tenkjer omkring organiseringa av norsk språkpolitikk i framtida.

I mållovsmeldinga, St.meld. nr. 9 (2001–2002), signaliserte statsråden elles at ho ønskjer å styrkja språkkonsulenttenesta i staten, særleg for nynorsk. Dette positive tiltaket er det likevel ikkje sett av midlar til på budsjettet for 2003, noko styret seier seg lei for.

Norsk språkråd har engasjert seg i to politiske stridsspørsmål det siste året:

- Språkrådet har kritisert Utdannings- og forskingsdepartementet for å vilja innføra engelske nemningar for lågare og høgre universitetsgrader (bachelor og master). Vi har mellom anna hatt møte med den aktuelle komitéleiaren i Stortinget om dette, utan å nå fram.
- Språkrådet har kritisert det same departementet for at det ville ta ut av universitets- og høgskolelova ein paragraf om at norsk til vanleg skal vera undervisningsspråk, og vi har møtt i Stortinget om denne saka. Her har Språkrådet oppnådd eit visst medhald frå komiteen, utan å få uttelling i hovudspørsmålet.

Språkstyrking

Språkrådet har gjort språkstyrking og språkvern til det høgast prioriterte arbeidsfeltet i planperioden. Arbeidsfeltet er todelt: To rådgjevarar arbeider med området IKT og norsk språk. Språkrådet har ansvaret for å gjennomføra delar av *Handlingsplan for norsk språk og IKT* frå juni 2001. I 2002 har vi dessutan hatt sekretærarbeidet for eit nytt prosjektoppdrag frå Kultur- og kyrkjedepartementet og Nærings- og handelsdepartementet som resulterte i *Innspel til statsbudsjettet for 2003*, ferdig juni 2002, og ein samla rapport, *Samling og tilgjengeleggjering av norske språkteknologiressursar*, offentleggjort i oktober. Området IKT og norsk språk har òg ei rad andre oppgåver, der vi særleg vil peika på arbeidet for å sikra meir nynorsk i den norske datakvardagen. Styret har òg teke initiativ til å sikra ein nasjonal digital kunnskapsbase.

Den andre delen av arbeidsfeltet er gjennomføringa av *Plan for styrking av norsk språk*, som blir gjennomført som prosjekt, med ein av medarbeidarane i sekretariatet som prosjektkoordinator. Barn og unge, næringslivet og ålmenta er hovudgruppene vi rettar oss inn mot her. Tiltaket Ordsma, eit nettverk for folk som ønskjer å finna gode norske avløysarord, har fått vind i segla ved at Dagbladet har begynt å bruka stoffet herifrå på nettsidene.

Normering

Kultur- og kyrkjedepartementet bad 5.12.00 Språkrådet om å arbeida vidare med den rettskrivingsreforma som vart vedteken i rådet i februar 2000. Departementet ytra særleg ønske om vidare utgreingar og vedtak på nynorsksida. Eit stort arbeid har vore i gang siste året for å få klart eit framlegg til ny rettskrivingsnormal for nynorsk til rådsmøtet i 2003. På bokmålsida har det i fagnemnda vore arbeidd med ei rekkje justeringar av gjeldande rettskriving.

To nye, viktige moment er komne til i normeringsarbeidet: Stortinget vedtok i 2002 å ta bort paragrafen om tilnærming mellom nynorsk og bokmål. Det er ikkje lenger noko mål å fremja utviklingstrekk som fører bokmål og nynorsk nærare saman. Rådsmedlemmene ser vidare ut til å vilja gå inn for å ta bort sideformene i begge målformene. Språkrådet held elles fram med arbeidet med den daglege normeringa av stadnamn, av historiske og geografiske namn osv.

Andre viktige saker

Norsk språkråd har hatt ein ambisiøs arbeidsplan for 2002. På grunn av manglande ressursar, av di kontorsjefane slutta, og fordi det har vore ein del sjukdom i sekretariatet, er ikkje alle mål oppfylte. Vi fekk òg eit kutt i det planlagde årsbudsjettet på rundt 700 000 kroner, ved at midlar vi rekna med å få overført frå departementet ved årsskiftet, vart trekte inn og omdisponerte. Mot slutten av året har vi likevel fått styrkt budsjettet noko, mellom anna etter eit møte der statsråden var med. Styret vil gje ros til sekretariatet for evne til omstilling og gå-på-innsats i denne perioden og meiner den mellombelse løysinga med ein felles dagleg leiar, Marit Hovdenak, har fungert godt så langt. Planane for systematisk personalarbeid og kompetanseutvikling blir følgde opp. Arbeidet med språkstyrking, normering, språkleg jamstelling, stadnamn, språklege råd på telefon og e-post går jamt framover og sikrar Språkrådet omdømme som eit solid og påliteleg organ for norsk språk. Diplomuutdelingane for godt namnevevt gjev ekstra god medieomtale, noko Norsk språkråd treng.

Nye utfordringar for 2003

Norsk språkråd satsar også i 2003 på ein omfattande arbeidsplan. Dei tunge satsingsområda skal vidareførast. Av særleg utfordringar i året som kjem, vil vi elles nemna:

- Språkrådet må ha ei viktig rolle i arbeidet med å laga eit nytt statleg språkorgan
- Styret må bruka tid på å skaffa oppstartmidlar til ein norsk språkbank
- Vi må førebu ein meir direkte innsats mot skuleverket
- Terminologiarbeidet har stogga opp etter at Rådet for teknisk terminologi gjekk konkurs. Språkrådet har sett ned ei eiga gruppe til å sjå på korleis det nasjonale terminologiarbeidet kan koma på skjenene att
- Arbeidet med omstilling og kompetanseutvikling i sekretariatet må prioriterast, og vi må arbeida for å styrkja forskingsinnsatsen i sekretariatet

1.2 Endring i lov av 18. juni 1971 nr. 79 om Norsk språkråd

I brev av 17.12.02 frå Kultur- og kyrkjedepartementet til Norsk språkråd heiter det:

”ENDRING I LOV OM NORSK SPRÅKRÅD

Stortinget har 5. desember 2002 gjort vedtak til lov om endring i lov 18. juni 1971 nr. 79 om Norsk språkråd. Lovendringa vart sanksjonert i statsråd 13. desember 2002 og tek til å gjelda frå same dato.

Endringa er i samsvar med framlegget frå regjeringa i Ot.prp. nr. 95 (2001–2002), jf. også Innst. O. nr. 3 (2002–2003).

Etter dette er heile bokstav b i § 1 i lov om Norsk språkråd oppheva.”

Lovendringa vart vedteken utan at Norsk språkråd vart bede om å koma med fråsegn.

I vedlegg 1 finn ein lova med gjeldande ordlyd.

1.3 Medlemmer og varamedlemmer i Norsk språkråd 2000–2003

Oppnemnd av:	Medlemmer:	Varamedlemmer:
Norske universitet og vitskaplege høgskular ved Universitets- og høgskolerådet	Førsteamanuensis Gulbrand Alhaug (nyno.)	Førsteamanuensis Ola Stemshaug
	Professor Jan Terje Faarlund (nyno.)	Førsteamanuensis Arnbjørg Hageberg
	Professor Helge Sandøy (nyno.)	Professor Else Mundal
	Professor Helge Dyvik (bm.)	Amanuensis Ivar Utne
	Professor Brit Mæhlum (bm.)	Professor Endre Mørck
	Professor Kjell Ivar Vannebo (bm.)	Professor Ruth Vatvedt Fjeld

Grunnskulen ved sin lærarorganisasjon	Assisterande informasjonssjef Jan Olav Bruvik (nyno.) Utgreiingsleiar Marit Dahl (bm.)	Logoped Håkon Askeland Studierektor Torill Scharming Lund
Den vidaregåande skulen, folkehøgskulen og lærarhøgskulen ved sine lærarorganisasjonar	Lektor Kari Haave (nyno.) Høgskulelektor Harald Morten Iversen (bm.)	Dagleg leiar Dag Wollebæk Adjunkt Gunnar Gjevre
Landslaget for norskundervisning	Lektor Olav Veka (nyno.) Professor Jan Svennevig (bm.)	Førstelektor Synnøve Skjong Høgskulelektor Hildegunn Otnes
Den norske Forfatterforening	Forfattar Åsmund Førfang (nyno.) Forfattar Oddmund Hagen (nyno.) Forfattar Aud Korbøl (bm.) Forfattar Hanne Ørstavik (bm.)	Forfattar Eva Jensen Forfattar Helga Eriksen Forfattar Erling Pedersen Forfattar Morten Øen
Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening	Førstelektor Norunn Askeland (nyno.) Forfattar Guri Hjeltnes (bm.)	Journalist John Stanghelle Generalsekretær Trond Andreassen

Norsk Oversetterforening, Statsautoriserte trans- latorers forening og Over- setterutvalget i Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening	Statsautorisert translator Aud Martha Lima (nyno.) Omsetjar Aud Greiff (bm.)	Fjernsynstekstar Anne Margrethe Standal Professor Trond Berg Eriksen
Den norske Forleggerforening	Forlagsredaktør Olav Væhle Hauge (nyno.) Direktør Ola Haugen (bm.)	Forlagsredaktør Inger Vederhus Hovudkonsulent Ivar Havnevik
Norsk Presse- forbund	Redaktør Asgeir Olden (nyno.) Redaktør Per Egil Hegge (bm.)	Frilansjournalist Lars Aarønæs Redaktør Marit Aschehoug
Norsk rikskring- kasting ved styret	Programredaktør Bjarne Grevsgard (nyno.) Programsekretær Björg Gaathaug (bm.)	Programsekretær Ragnhild S. Fjørtoft Kanalsjef Nils Heldal
Riksmålsforbundet	Førsteamanuensis Tor Guttu (bm.) Lektor Erik Gjestvang (bm.)	Statsautorisert translator Per A.H. Jakhelln Lektor Hilde Sejersted
Det Norske Akademi for Sprag og Litteratur	Professor John Ole Askedal (bm.) Professor Arthur O. Sandved (bm.)	Førstelektor Ole Michael Selberg Teatersjef Nils Heyerdahl

Noregs Mållag	Forskar Oddrun Grønvik (nyno.) Førsteamanuensis Johan Myking (nyno.)	Lektor Turid Kleiva Førstekonsulent Tor Erik Jenstad
Det Norske Samlaget	Førsteamanuensis Jan Olav Fretland (nyno.)	Prosjektleiar Kari Bjørke
Norsk Mål- dyrkingslag	Konsulent Fridtjov Sørbo (nyno.)	Lektor Kari Lønning Aarø
Landslaget for språklig samling	Professor Lars S. Vikør (nyno.) Førsteamanuensis Arne Torp (bm.)	Professor Rolf Theil Endresen Stipendiat Ellen Skolseg
Norsk Skuespiller- forbund	Skodespelar Arnhild Litleré (nyno.) Skodespelar Tina Hartvig (bm.)	Skodespelar Hallvard Lydvo Skodespelar Janne Langaas

1.4 Styre, fagnemnd og sekretariat

Styre

Medlemmer

Nynorsk:

Jan Olav Fretland, leiar
Helge Sandøy
Kari Haave

Bokmål:

Ola Haugen, nestleiar
Kjell Ivar Vannebo
Björg Gaathaug

Fagnemnd

Bokmål:

Kjell Ivar Vannebo
Brit Mæhlum
Helge Dyvik
Jan Svennevig

Nynorsk:

Helge Sandøy
Jan Terje Faarlund
Oddrun Grønvik
Olav Veka

Varamedlemmer

Bjarne Grevsgard
Jan Terje Faarlund
Norunn Askeland

Arthur O. Sandved
Jan Svennevig
Guri Hjeltnes

Arne Torp
John Ole Askedal
Tor Guttu
Harald M. Iversen

Johan Myking
Lars S. Vikør
Asgeir Olden
Åsmund Forfang

Sekretariat

Dagleg leiar:	Hovdenak, Marit (frå 1.8.02)
Kontorsjefar:	Løland, Ståle (bm.) (til 31.8.02) Skadberg, Kåre (nyno.) (til 8.8.02)
Rådgjevarar:	Breivik, Torbjørg Dahlø, Ingrid Forberg Grepstad, Jon Hoel, Jan Hovdenak, Marit (90 %-stilling 1.1.–31.7.02) Nestor, Svein Norheim, Åsta Simonsen, Dag Finn Stokkeland, Jostein
Førstekonsulentar:	Aarflot, Anne Helene (16.9.–31.12.02) Baltzersen, Bente Bergsmark, Hanne Gedde-Dahl, Trine (50 % 15.8.–31.12.02) Henriksen, Brynjulf Knutzen, Pål (80 %-stilling) Runnestø, Eilov
Sekretær:	Klemsdal, Lars Erik

1.5 Stadnamntenesta

Konsulentar:

Oslo: Helleland, Botolv (nyno.)
Bakken, Kristin (bm.) (til 31.8.02)
Wangensteen, Boye (bm. frå 1.9.02)

Bergen: Nes, Oddvar (nyno.)
Johannessen, Ole-Jørgen (bm.)

Trondheim: Stemshaug, Ola (nyno.)
Ellingsve, Eli (bm.)

Tromsø: Myrvang, Finn (nyno.)
Mikkelsen, Eva Forsaa (bm.)

Alta: Andreassen, Irene (finsk)

Sekretærar:

Rådgjevar: Larsen, Terje

Førstekonsulentar: Andreassen, Irene (20 %-stilling frå 1.4.02)
Evensen, Astrid Sann (50 %-stilling frå 1.4.02)
Heide, Eldar (50 %-stilling til 31.1.02)
Jenstad, Tor Erik (50 %-stilling)
Steinbru, Kjell Erik (50 %-stilling)

2 NORMERING

Ei hovudoppgåve for Språkrådet er å syta for tenlege vedtak om rettskriving og praktiske skrivereglar.

2.1 Nynorsknorma

2.1.1 Om arbeidet med norma

Arbeidet med revisjon av nynorskrettskrivinga har utgangspunkt i at Kulturdepartementet i 2000 bad Språkrådet greia ut spørsmålet om ei nynorsknorm som ikkje skil mellom ein læreboknormal og ei vid rettskriving. (Bokmålsseksjonen hadde allereie vedteke å ta bort klammesystemet.) Styret oppnemnde ei arbeidsgruppe, Jan Terje Faarlund, Eilov Runnestø og Helge Sandøy, og ei referansegruppe, Oddrun Grønvik, Kåre Skadberg, Olav Veka og Lars S. Vikør, til å førebu saka. Sandøy var leiar og hadde hovudansvaret for skrivearbeidet saman med Faarlund og Runnestø. Gruppen arbeidde ut det første drøftingsutkastet til rådsmøtet i februar 2002. 13. mai møttest nynorskmedlemmene i Språkrådet att, og seksjonen gjekk no med 10 mot 7 røyster (1 var blank) inn for å ta bort klammesystemet i nynorsk. Eit motframlegg om å halda på den gjeldande ordninga fall. Referansegruppa la fram eit fellesframlegg og to tilleggsframlegg (A og B) til kva ein skulle gjera med dei valfrie formene som vart resultatet av ei jamstilling av tidlegare hovud- og sideformer. Fellesframlegget vart vedteke samrøystes av nynorskseksjonen. Av dei to tilleggsframlegga opna A- framlegget for størst valfridom i rettskrivinga, og det vart vedteke (10 mot 8 røyster) å bruka det som utgangspunkt for arbeidet vidare. Deretter gjekk 16 mot 2 inn for at ein skulle leggja ein innstramma versjon av framlegg A til grunn for arbeidet vidare.

Ein av rådsmedlemmene i arbeidsgruppa, Jan Terje Faarlund, trekte seg etter dette frå arbeidet. Han såg det slik at seksjonsvedtaket braut med den kursen han meinte Språkrådet hadde trekt opp for normeringsarbeidet i 1997: å få ned talet på valfrie former i læreboknormalen. I staden for Faarlund nemnde styret i september opp Åsmund Forfang som medlem i gruppa.

I tida etter maimøtet laga referansegruppa ei utgreiing som bygde på vedtaka på seksjonsmøtet, og i månadsskiftet oktober/november sende Språkrådet ut denne utgreiinga om rettskrivinga i nynorsk som høyringsnotat. Mottakarar for høyringsnotatet var dei instansane som nemner opp medlemmer til nynorskseksjonen i Språkrådet, norskseksjonar ved universitet og høgskular, målpolitiske organisasjonar og andre interesserte.

Høyringsnotatet tok opp generelle og prinsipielle normeringsspørsmål og drøfta elles grundig dei språkkategoriane innanfor lydverk, formverk og einskildord som skulle halda på valfridomen etter dei retningslinjene som vart vedteke på møtet 13. mai. Dei formene som nynorskseksjonen vedtok å ta ut av nynorskrettskrivinga, vart behandla i eit kapittel for seg.

I 2000 hadde den dåverande nynorskseksjonen gjort ei rad rettskrivingsvedtak. Desse vart lagde på is til spørsmålet om side- og hovudformer var avklåra. No vart dei førte opp i høyringsnotatet, men det vart ikkje gjeve ei like grundig utgreiing om desse formene, omtala som 2000- framlegget.

Det mindretalet som stod bak B-framlegget på seksjonsmøtet i mai, førte opp sine motframlegg i samandraget av framlegga, og synspunkta deira var tekne med i eit vedlegg til utgreiinga.

Det er kome inn 45 fråsegner om utgreiinga. Ei oppsummering av innkomne merknader og synspunkt vart lagd ved då styret i Språkrådet på rådsmøtet 13.–14.2.03 la fram si tilråding til vedtak.

2.1.2 Vedtak

Med nokre få unntak gjorde nynorskseksjonen seg ferdig med rettskrivingssaka på rådsmøtet 13.–14.2.03. Dei spørsmåla som stod att, vart først behandla i fagnemnda og gjekk deretter til seksjonen som brevsak.

Etter styrebehandling vart den samla vedtaksmengda send til Kultur- og kyrkjedepartementet til godkjenning.

2.2 Bokmålsnorma

2.2.1 Om arbeidet med norma

Med brev av 5.12.2000 sende Kultur- og kyrkjedepartementet storparten av rettskrivingsvedtaka frå rådsmøtet i februar 2000 attende til Språkrådet og bad om ei ny gjennomgåing.

Departementet skreiv at det i prinsippet slutta seg til vedtaket om å oppheva skiljet mellom hovudformer og sideformer i bokmål, men det ønskte at Språkrådet skulle greia ut og vurdere nærare ein del spørsmål.

Blant dei temaa departementet bad Språkrådet sjå nærare på, var *spørsmålet om meir systemrette skrive- og bøyingsformer og tilhøvet mellom bokmåls- og riksmålsformer*.

Det første av desse to gjeld begge målformene og dreier seg om to grupper av substantiv: substantiv med utgang på trykklett *-el*, *-en*, *-er* og framandord med utgang på *-a*, *-on/-um*, *-us*.

I tilknytning til det andre temaet har det kome to brev frå Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur (brev av 26.4.02 og 14.5.02), der Akademiet ber om å få godkjent ein god del former som til no har vore utanfor den gjeldande bokmålsrettskrivinga. Eit omfattande punkt her er bøyinga av svake verb.

Sekretariatet i Språkrådet har fått ei rekkje spørsmål og merknader til den opphavlege vedtaks-massen frå 2000. Dei har vore ein del av avgjerdsgrunnlaget for nye eller presiserande vedtak.

Bokmålsdelen av fagnemnda i Språkrådet har hatt tre sær møte i 2002.

2.2.2 Vedtak

Bokmålsseksjonen drøfta og vedtok dei fleste framlegga frå fagnemnda. Fagnemnda fekk fullmakt til å klargjera visse detaljar om bøyinga av svake verb før vedtaka blir sende til departementet til godkjenningsbehandling.

2.3 Fellesvedtak

Rådet godkjende ein del framlegg frå fagnemnda om historiske og geografiske namn og nokre einskildvedtak elles.

3 TERMINOLOGI

3.1 Ny referansegruppe for terminologi

Språkrådet oppnemnde i 2002 ei referansegruppe for terminologiarbeid som ein konsekvens av at Rådet for teknisk terminologi (RTT) vart lagt ned i 2001. Medlemmene av gruppa er Johan Myking, medlem av Språkrådet og tilsett ved Universitetet i Bergen, Jan Hoel, sekretariatet i Norsk språkråd, Kjell Ivar Vannebo, medlem av styret og fagnemnda i Norsk språkråd og tilsett ved Universitetet i Oslo, og Nina Zandjani, Norges Standardiseringsforbund. Gruppa har hatt eitt møte. Til styremøtet i desember hadde gruppa utarbeidd eit notat med synspunkt på norsk terminologiarbeid frametter. I notatet vart det m.a. gjort framlegg om at det bør skipast ein snarleg strategikonferanse for alle aktuelle brukar- og fagmiljø, og om at Språkrådet bør gå inn som norsk partner i Nordterm. Styret tok på møtet 5.–6.12. framlegga frå terminologigruppa til orientering.

Sjå elles pkt. 5 for terminologiarbeid på IKT-området.

4 SPRÅKSTYRKING

Ei av dei viktigaste oppgåvene til Språkrådet er å verna om og styrkja bruken av norsk språk. Dei seinare åra har ein lagt meir og meir vekt på dette arbeidsområdet. I budsjettproposisjonen, St.prp. nr. 1 (2002–2003), blir det gjort klart at språkstyrking i framtida skal vera det overordna arbeidsområdet til det nye organet som skal erstatta Språkrådet.

4.1 Språkstyrkingsplanen

For perioden 2000–2003 ligg det føre ein plan for språkstyrkingsarbeidet, *Plan for styrking av norsk språk*. Arbeidet med tiltaka i planen blir leidd av ei styringsgruppe med medlemmene Ingri Assum, Statskonsult, Ola Haugen, leiar for styringsgruppa og representant for styret i Språkrådet, Oddrun Grønvik, medlem av fagnemnda i Språkrådet, Ståle Løland, kontorsjef og prosjektansvarleg (slutta 31.8.02), og Trine Gedde-Dahl, prosjektkoordinator og tilsett i sekretariatet i Språkrådet. Dag Finn Simonsen, rådgjevar i sekretariatet, erstatta Ståle Løland frå 1.11.02.

Språkstyrkingsarbeidet er ordna som tiltak på fire hovudområde, medan ein del einskildtiltak er samla under tiltaksområde 5.

4.2 Forskingsstimulering, tiltaksområde 1

Språkrådet har i 2002 delt ut fire hovudfagsstipend à 20 000 kr til studentar som skriv hovudfagsoppgåver som kan gje oss meir kunnskap om bruk og val av engelsk og norsk på ulike område. To stipend vart delte ut i januar. Tarald Lie fekk stipend for å fullføra arbeidet med oppgåva *The use of English in Norwegian pop/rock music* ved Institutt for britiske og amerikanske studium, Universitet i Oslo. Anne Kringstad Grønvik fekk stipend til arbeidet med oppgåva *Bruk av engelsk og norsk i næringslivet* ved Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, NTNU. To stipend vart delte ut i november. Ragnhild Ljosland fekk støtte til arbeidet med oppgåva *Unge forskeres språkvalg og holdninger til engelsk og norsk som vitenskapsspråk* ved Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, NTNU, Inger-Lise Schwab fekk støtte til arbeidet med oppgåva *Communicating the International Way* ved Sosialantropologisk institutt, Universitetet i Oslo.

Språkrådet deltok på og var medarrangør av det opne forskarseminaret *Skriftkultur* 28.–29.11.02. Seminaret vart arrangert i samarbeid med Norsk sakprosa og Ivar Aasen-instituttet. Innlegga vil bli trykte og gjevne ut i bokserien til Norsk sakprosa.

Det har vore publisert tre artiklar om domenetap eller problematikken rundt bruken av norsk og engelsk i 2002, ein av Dag Finn Simonsen (i Norsk læraren nr. 2/02) og to artiklar av Brit Mæhlum, professor i nordisk ved NTNU og medlem av fagnemnda i Norsk språkråd (i Samtiden nr. 4/02 og i Norsk Lingvistisk Tidsskrift nr. 2/02).

4.3 Barn og unge, tiltaksområde 2

Målet for dette tiltaksområdet er å styrkja medvitet om kva det norske språket er og har å seia for kulturen i Noreg.

I 2002 melde Språkrådet seg inn i den ideelle organisasjonen !les, som arbeider for å styrkja leselysta blant barn og unge. I tillegg vart det etablert eit samarbeid mellom !les, Læringssenteret, Norsk oversetterforening og Språkrådet om aksjonen *Norvengelsk*, som er ein aksjon retta mot ungdomsskuleelevar. Elevane skal arbeida med tekstar på engelsk og norsk, og med engelske og norske ord i ein norsk tekst. Sjølve aksjonen skal vera i mars 2003. Føremålet er at elevane skal bli meir medvitne om kva skilnaden mellom norsk og engelsk inneber.

4.4 Høgskule og universitet, tiltaksområde 3

Det har også vore prioritert å få eit oversyn over bruken av norsk og engelsk ved høgskular og universitet på ulike område. Auka bruk av engelsk i denne sektoren er eit ledd i ei vilja internasjonalisering frå styresmaktene. Spørsmålet er i kva omfang og på kva område ein bør styrkja bruken av norsk fagspråk i denne sektoren, slik at norsk vil halda fram med å vera eit godt og tenleg vitskapsspråk. På grunnlag av eit arbeidsnotat har Språkrådet etablert eit samarbeid med NIFU (Norsk institutt for studier av forskning og høgere utdanning) om å undersøkja språkbruken i denne sektoren i 2003. I tillegg er det gjeve stipend til hovudfagsstudentar som arbeider innanfor dette feltet, jf. pkt. 4.2.

4.5 Arbeids- og næringsliv, tiltaksområde 4

I samarbeid med Norges Standardiseringsforbund arrangerte Språkrådet konferansen *Norsk Standard på engelsk?* 30.10.02. Føremålet med konferansen var å kasta lys over at stadig fleire standardar berre ligg føre på engelsk.

Tiltaksområde 4 vart elles lagt på is i 2002 på grunn av manglande ressursar, særleg mangel på personalressursar.

4.6 Diverse einskildtiltak, tiltaksområde 5

Språkrådet har i mange år arbeidd for å styrkja bruken av norsk språk gjennom ulike einskildtiltak. Ein del av tiltaka som er nemnde under, er difor eldre enn *Plan for styrking av norsk språk*.

4.7 Framlegg om å oppretta ein språkkommisjon

På rådsrådet 7.–8.2.02 vedtok Norsk språkråd samrøystes å be styret ” anbefale overfor Kultur- og kirke departementet at regjeringen nedsetter en språkkommisjon i samsvar med styrets notat om saken og supplert med relevante synspunkter som er kommet fram under rådets drøfting”. Nokre av hovudpunkta i notatet er:

1 Noreg har ikkje nokon samla nasjonal, framtidretta språkpolitikk. Det finst språkpolitiske dokument med offisiell status og språkpolitisk refleksjon og språkpolitisk handling, men vi manglar ei meir samla framstilling av den nasjonale språkpolitikken tufta på stoda slik ho er i dag.

2 Det er Stortinget som må gje hovudlinjene og hovudmåla for språkpolitikken.

3 På grunn av presset frå internasjonaliseringa, og særleg frå engelsk, er det særst viktig å klargjera ein norsk språkpolitikk. Dei tendensane vi ser i dag, kan i framtida bli eit alvorleg trugsmål mot norsk som samfunnsberande språk.

4 Språkrøktmiljøa i mange europeiske land har i dei siste åra vore opptekne av presset mot nasjonalspråka og faren for domenetap, og i fleire av dei nordiske landa er det arbeidd med konkrete planar for å styrkja språket. Ein framtidretta språkpolitikk må sjå i augo at internasjonaliseringa vil føra til ein tospråkleg situasjon for fleire og fleire når dei arbeider og studerer.

5 Språkrådet meiner at det for å utforma ein høveleg språkpolitikk er best å skipa ein språkkommisjon som skal laga ei brei utgreiing der ein drøfter stoda for norsk og for andre språk i Noreg i dag og i åra som kjem, og koma med framlegg om ein langsiktig språkpolitikk.

Språkrådet sende 22.3.02 eit framlegg til Kultur- og kyrkjedepartementet om å oppretta ein breitt samansett språkkommisjon. Men departementet avviste framlegget i brev av 21.6.02, mellom anna fordi den planlagde omdanninga av Språkrådet vil gje departementet høve til å

omforma språkpolitikken i samsvar med dei krava som det moderne samfunnet stiller. I brevet skriv departementet:

”Det som er blitt utslagsgivende i vår vurdering, er at det ikke vil være forenlig med det planlagte arbeid med omdanning av Norsk språkråd å ha et langvarig og uavhengig utredningsarbeid gående ved siden av. Dette ville uunngåelig binde opp både ressursar og handlegfrihet og dermed legge klare begrensningar på arbeidet med å utvikle det nye kompetansesenteret for norsk språk, som etter forutsetningene må spille en hovedrolle i utforminga og utøvelsen av vår språkpolitikk i årene fremover.

Departementet ønsker å konsentrere innsatsen om det omfattende prosjektet som det vil vere å utvikle et slikt nytt organ. Nødvendig utredningsarbeid bør skje i nær tilknytning til denne prosessen og etter hvert i regi av dette organet. [...]

I svaret av 1.7.02 frå Norsk språkråd heiter det:

”I vårt forslag til mandat for kommisjonen har vi blant annet sagt at den ”bør vurdere funksjonen til Norsk språkråd, herunder ressursbehov, organisering, representasjon og ansvar”. En slik vurdering må selvsagt gjøres i forbindelse med den planlagte omdanningen av Språkrådet, og den må skje på bakgrunn av nærmere utredninger om språksituasjonen i Norge i dag og i fremtiden og de behovene man ser i den forbindelse. Det var også ment å være en sentral oppgave for språkkommisjonen. Selv om tidsrammen for omdannelsen av Språkrådet tilsier at slike utredninger kanskje vil bli mindre omfattende enn de hadde blitt i regi av en kommisjon med mer tid til disposisjon, tror vi likevel at man med departementets plan vil kunne få et tilstrekkelig grunnlag for å fastsette hovedstrukturen, ressursbehovet og arbeidsoppgavene for et nytt kompetanseorgan for norsk språk. Det forutsetter at Språkrådet blir trukket nært inn i omdanningsprosessen, og at det etableres en plattform for grundig samarbeid mellom Språkrådet og departementet. Det vil antakelig også være aktuelt å trekke andre organer inn i dette arbeidet.” Jf. vedlegg 3.

4.8 Ordsmla

Ordsmla er eit e-postforum for diskusjon av avløyсарord. Målet med forumet er å skapa interesse for avløyсарord og å tilby språkbrukarane gode norske alternativ til ein del av dei engelske orda som kjem inn i det norske språket. Redaksjonen legg ut ein del av orda som blir drøfta i e-postforumet, på nettordlista *På godt norsk*.

E-postforumet hadde om lag 200 deltakarar hausten 2002 mot om lag 170 på våren. Det har vore ca. 3000 innlegg sidan tiltaket vart starta opp i mars 2000, av desse ca. 800 i 2002. Den som vil, kan melda seg inn i e-postforumet.

Redaksjonen i Ordsmla la i juni ut ei oppdatert liste med om lag 480 norske avløyсарord på nettsidene basert på ein database med registrerte engelske ord i bruk i norsk på om lag 670 ord.

Redaksjonen etablerte i 2002 eit samarbeid med kunnskapsseksjonen dagbladet.no, og *Ordlabbn* ligg no ute på nettsidene til Dagbladet. Der blir det lagt ut fem nye ord om lag

annakvar veke, og folk kan koma med framlegg til avløyсарord. Dette er altså eit opnare forum enn sjølve Ordsma. Før sommaren var det ein god del aktivitet i Ordlabben. Det vart ikkje lagt ut nye ord i ferietida om sommaren, og aktiviteten vart mindre etter at vi byrja å leggja ut ord igjen om hausten. Det ligg no ute 46 ord i Ordlabben.

Språkrådet og redaksjonen i Ordsma var medarrangør og deltok i den nordiske konferansen *Moderne importord i Norden* i Bergen 18.–19.10.02.

4.9 Diplom for godt namneveit

I 2002 delte Språkrådet ut 13 diplom til verksemder i Møre og Romsdal. Det var oppslag i avisene og innslag i NRK både i radio og på tv.

Mellom føretaka som fekk diplom, var frisørsalongen ”Hårstussen”, reklamefirmaa ”Bragd” og ”Unniform”, film- og TV-produksjon ”Fuglefjellet”, forretningane ”Herrebørsen” og ”Ynde parfymeri” og forlaget ”Skrifthuset”. Diploma vart godt mottekne.

5 NORSK SPRÅK OG IKT

Ei hovudoppgåve på dette området er å syta for oppfølging av *Handlingsplan for norsk språk og IKT*, som vart levert i juni 2001.

5.1 Norsk språkbank

Eit høgt prioritert tiltak i handlingsplanen var å oppretta ein norsk språkbank. I brev av 5.2.02 bad Kultur- og kyrkjedepartementet Norsk språkråd om å ta initiativ til og koordinera ei utgreiing av sentrale problemstillingar innanfor feltet samling og tilgjengeleggjering av norske språkteknologiske ressursar. I Budsjettinnst. S. nr. 2 (2001–2002) var det sett av 750 000 kr til prosjektet, som var eit samarbeid mellom Kultur- og kyrkjedepartementet og Nærings- og handelsdepartementet. I det same brevet gav departementet mandat for arbeidet og bad om framlegg til samansetjing av ei prosjektgruppe og ei representativ referansegruppe. Departementet oppnemnde prosjektgruppa i brev av 19.3.02, og Språkrådet oppnemnde på vegner av departementet ei ressursgruppe i brev av 8.3.02.

Prosjektgruppa hadde følgjande samansetjing: professor Torbjørn Svendsen, NTNU (leiar), professor Torbjørn Nordgård, NTNU (vara for Svendsen og nestleiar i prosjektgruppa), rådgjevar Tron Espeli, Noregs forskingsråd, adm.dir. Leiv Hartly Andreassen, SAIL Port Northern Europe AS (SPNE), seniorforskar professor Knut Kvale, Telenor ASA, produktplanleggjar Signe Marie Flåt, Microsoft Norge AS, professor Stig Johansson, Universitetet i Oslo.

Alle medlemmene hadde personlege varamedlemmer som har teke aktivt del i arbeidet: rådgjevar Bernt-Erik Heid, Noregs forskingsråd (for Espeli), avdelingsleiar Anja Hilt / teknisk sjef Jon Trygve Berg, Nordisk språkteknologi AS (NST) (for Andreassen), FoU-sjef Robert Engels, CognIT a.s. (for Kvale), professor Helge Dyvik, Universitetet i Bergen (for Johansson).

Direktør Bente Mægaard, Center for sprogteknologi, København, og professor Lars Ahrenberg, Universitetet i Linköping, har vore eksterne observatorar/ressurspersonar.

Signe Marie Flåt trekte seg frå arbeidet, og Jon Trygve Berg har fungert som medlem i prosjektgruppa.

Ressursgruppa hadde følgjande samansetjing: leiar Jan Olav Fretland, Norsk språkråd (leiar for gruppa), rådgjevar Grete Knudsen, GBM-Partners, Bergen, generalsekretær Per Morten Hoff, IKT-Norge, Oslo, dagleg leiar Bjørn Seljebotn, Nynodata AS, Bø i Telemark, generalsekretær Trond Andreassen, Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening, Oslo, direktør Øyvind Haaland, Berlitz GlobalNET, Bergen, dagleg leiar Ove Nyland, Noreg.no, Leikanger, underdirektør Petter Korseth, Læringssenteret, Oslo, koordinator for språkteknologi Kristin Bech, HIT-senteret / Universitetet i Bergen, kredittdirektør Bjørn Norman Hansen, SND, Oslo, professor Ruth Vatvedt Fjeld, Universitetet i Oslo.

IKT-eininga i Språkrådet har vore sekretariat for begge gruppene. Delrapport 1 vart etter planen levert i midten av juni og den endelege rapporten i byrjinga av oktober. Som ein del av prosjektet vart det laga ei juridisk utgreiing om problemstillingar knytte til samling og tilgjengeleggjering av norske språkteknologiressursar. Denne utgreiinga vart levert saman med Delrapport 1 i juni.

Utgreiinga er eit ledd i eNoreg-planen og strategien for elektronisk innhald (pilotprosjekt 2) som Nærings- og handelsdepartementet arbeider med.

5.2 Språkpris for IKT-området

Eit anna tiltak i handlingsplanen, som Språkrådet hadde ansvaret for, var å etablera samarbeid med Den Norske Dataforening om ein språkpris innanfor IKT-området. Prisen vart oppretta hausten 2002 og inngår i rekkja av Rosing-prisar som Dataforeningen saman med Rosing-Akademiet deler ut kvart år (<http://www.rosing.net>). Juryen er sett saman av personar med god kjennskap til ulike delar av IKT-området: rådgjevar Torbjørg Breivik (leiar), prosjektleiar Hilde Widerø Wibe, IKT-Norge, redaktør Per Rune Eknes, SkoleMagasinet, redaktør Eirik Rossen, digi.no, og seniorkonsulent Solveig Aas, ECsoft AS. Det var 13 nominerte til prisen, og den første Rosing-språkprisen gjekk til Tapir Akademiske Forlag AS i Trondheim. Prisen vart gjeven for forlaget sin bruk av norsk fagspråk generelt og innanfor IKT-området spesielt. Tapir Akademiske Forlag gjev ut lærebøker for universitets- og høgskulesektoren. Språkprisen vart overrekket av kulturminister Valgerd Svarstad Haugland på Rosing-dagen 19.11. Juryen for Rosing-prisane blir oppnemnd for to år.

5.3 Samarbeid

IKT-eininga har følgd opp arbeidet som vart starta i 2001, når det gjeld deltaking i nasjonale, nordiske og internasjonale nettverk på området. Språkrådet er medlem av og får jamt informasjon frå Norsk IT-forum Brussel. I samband med det deltok Språkrådet på presentasjonen av EUs rammeprogram for forskning i Brussel 11.–13.11.02.

I samarbeid med Norsk dokumentasjonssenter for språkteknologi, Bergen, og SPNE AS, Voss, arrangerte Språkrådet ein todagarskonferanse om språkteknologi i Bergen, 24.–25.10.02 (<http://www.hit.uib.no/spraaktek02>).

5.4 Nordisk nettverk for språkteknologi

Nettverket har hatt to arbeidsmøte i 2002: det første i Helsingfors 13.5. og det neste i Göteborg 21.10. I tillegg deltok medlemmene i nettverket på det årlege seminaret som Nordisk Forskerakademi skipar til for Språkteknologiprogrammet. Seminaret vart halde i Oslo 8.–9.6. Arbeidet i Nordisk nettverk for dokumentasjonssenter for språkteknologi (NorDokNet) har teke form. Nettsider med informasjon om språkteknologi er laga sentralt (<http://www.nordoknet.org/>) og for kvart av landa som er med. Det norske dokumentasjonssenteret for språkteknologi er lagt til HIT-senteret i Bergen (<http://www.hit.uib.no/norskddok>).

5.5 Nordisk terminologi for språkteknologi

Ei arbeidsgruppe innanfor NorDokNet har laga og gjort tilgjengeleg på nettet (under <http://www.nordoknet.org>) ei mangespråkleg liste over termar innanfor språkteknologi. Torbjørg Breivik er leiari for arbeidsgruppa. Planen er å omarbeida og utvida lista til å innehalda forklaringar og oppslag på alle språka i Norden i tillegg til dei europeiske som alt er der. Det manglar i dag færøysk, grønlandsk og samisk.

5.6 Europeisk nettverk for samling av språkressursar (ENABLER)

I tilknytning til arbeidet med utgreiinga om norsk språkbank vart det etablert kontakt med andre europeiske land som arbeider med innsamling av språkressursar. Desse landa har etablert eit nettverk der Noreg er invitert med. Inntil ein organisasjon er etablert og arbeidet med ein norsk språkbank har starta, har Språkrådet den norske kontaktpersonen i dette nettverket.

5.7 Programvare på nynorsk

Språkrådet har ein representant i kontaktgruppa for prosjektet *Nynorsk inn i IKT-opplæringa* (NIO). Det har vore to møte i gruppa i 2002. NIO er eit nasjonalt målreisingsprosjekt for programvare som blir nytta i skulen. Prosjektet har som mål å få skular i nynorskområde til å gå over til fri programvare med open kjeldekode på Linux-plattformen. Prosjektet har to føremål: å gje elevar med nynorsk som hovudmål eit betre tilbod enn i dag og å minska utlegga skulane har til datautstyr og programvarelisensar. NIO-prosjektet er avhengig av at andre utviklar programvare på nynorsk. NIO er difor knytt til prosjektet *Skulelinux* i ein lagnadsfelleskap. Det sistnemnde prosjektet omset Linux-program til begge målformene og stiller dei saman i ”distribusjonar” som skular skal kunna nytta gratis. Begge prosjekta har fått offentlege midlar til verksemda i 2002. Språkrådet har hatt eit uformelt møte med leiaren for Skulelinux, Knut Yrvin. Språkrådet har òg følgd med i arbeidet som folk frå Skulelinux gjer med å omsetja kontorstøttepakka *OpenOffice*. Ho er ein fri versjon av den kommersielle kontorstøttepakka *StarOffice* til selskapet Sun og kan nyttast med fleire operativsystem, m.a. Windows og Linux.

Microsoft gjorde i november kjent at selskapet i 2003 skal ha klar ein nynorsk versjon av

kontorstøttepakka *Ms Office*. Språkrådet har vore mykje i kontakt med Microsoft om mangelen på nynorskversjonar og vart bede om å vera til stades under pressemøtet der nyhendet vart offentleggjort. Nynorskversjonen vil i første omgang ikkje ha hjelpetekstar på nynorsk, og han vil ikkje omfatta databaseprogrammet *Access*.

5.8 Terminologi for digitalfjernsyn

Språkrådet har vore med i ei prosjektgruppe som har utvikla grunnleggjande norsk digitalfjernsynsterminologi for Norges televisjon AS (NTV). Prosjektgruppa har hatt fire møte i 2002. Resultatet av arbeidet er lagt ut på vevsidene til NTV. Selskapet, som NRK og TV2 eig i lag, har søkt om konsesjon til å byggja ut eit digitalt bakkesendarnett i Noreg. Det er meininga at gruppa skal arbeida vidare dersom NTV får konsesjon.

5.9 Norsk ordbank

Språkrådet har ein representant i styret for *Norsk ordbank* ved Universitetet i Oslo. Det har vore to møte i 2002. Norsk ordbank er ei fellesnemning på ei samling digitale leksikalske ressursar ved Det historisk-filosofiske fakultetet. Styret har mellom anna behandla nokre førespurnader frå databedrifter om kjøp av bruksrett til delar av materialet.

5.10 Nordisk IKT-gruppe

Språkrådet har ein representant i ei IKT-gruppe under Nordisk språkråd. Gruppa, som vart skipa i 2001, har ikkje hatt møte i 2002.

5.11 IKT-ordbok for skuleverket

Norsk språkråd er med i prosjektgruppa for dette arbeidet og skriv ordartiklar. Språkrådet gjev også innspel til nye ord og ordartiklar til boka, som er tilgjengeleg på Skolenettet (under Læringssenteret sine nettsider).

Prosjektleiari for IKT-ordboka er lektor Per M. Mathisen, Adolf Øyens videregående skole, Trondheim.

5.12 Tilråding om bokstavar og teikn i norske Internett-domenenamn

På oppmoding frå Norid (Norsk registreringstjeneste for Internett-domenenavn) har Språkrådet gjeve ei tilråding om kva for bokstavar og teikn som bør kunna nyttast i domenenamn under det nasjonale toppnivådomenet "no". Norid, som er ei underavdeling av UNINETT, har ansvaret for og administrerer desse namna.

6 LÆREMIDDELGRANSKING

6.1 Tilbod om kvalitetssikring av trykte og ikkje-trykte læremiddel

Språkrådet har halde oppe tilbodet til forlaga om ei språkleg kvalitetssikring av lærebøker (jf. pkt. 6.3 i årsmeldinga for 2000). Men på same måten som i fjor har forlaga synt lita interesse for tilbodet.

6.2 Godkjenning av skuleordlister

Språkrådet har hatt desse skuleordlistene til godkjenning:

Escolas ordbok. Bokmål. Revidert utgave (Escola)

Dag Gundersen: Bokmålsordliste for grunnskolen (Gyldendal Undervisning)

Dag Gundersen: Ordliste for den videregående skolen. Bokmål (Gyldendal Undervisning)

7 SPRÅKLEG JAMSTILLING

7.1 Lov om målbruk i offentleg teneste

Bakgrunn

Lov om målbruk i offentleg teneste regulerer bruken av bokmål og nynorsk i staten. Frå 1994 har Norsk språkråd hatt i oppgåve å rettleia og føra tilsyn med statsorgan under departementsnivå når det gjeld gjennomføringa av mållova.

Arbeidet har frå 1994 fokusert på vekslingsregelen i mållova § 8 første ledd første og andre punktum, jamfør forskriftene § 6, som krev at statsorgan med heile landet som tenestekrins i ”rundskriv, kunngjeringar, informasjonstilfang o.l.” skal veksla mellom bokmål og nynorsk slik at ingen av dei to målformene er representert med mindre enn 25 prosent. Vidare har arbeidet vore konsentrert om skjemaregelen i § 8 fjerde ledd, som krev at skjema skal liggja føre og vera tilgjengelege i begge målformer.

Arbeidet viste tidleg at det skjer omfattande brot på lova. I analysen som ligg til grunn for mållovsarbeidet, blir det mellom anna peika på desse vilkåra for at mållova skal bli etterlevd:

- (1) statsorgana må etablera enkle og konkrete rutinar for oppfølging av lova,
- (2) nynorskkompetansen i statsorgana må betrast, og (3) tiltaka må vera forankra i leiinga i statsorgana.

Resultat

Det blir kvart år innhenta statistikk frå statsorgana når det gjeld gjennomføringa av mållova § 8.

For året 2001 leverte 143 sentrale statsorgan rapport som kunne tabellførast. 41 statsorgan

hadde 25 prosent nynorsk eller meir i tilfang på 1–10 sider. I tilfang på over 10 sider var det 30 statsorgan som hadde 25 prosent nynorsk eller meir.

I 2000 var dei tilsvarende tala 39 og 25. Det var altså berre små endringar frå året før.

Gjennomsnittleg nynorskdel i tilfang på 1–10 sider var i 2001 21,6 prosent og 14,1 prosent i tilfang på over 10 sider.

Rutinar for veksling mellom bokmål og nynorsk

I brev av 28.11.2002 vart statsorgana mellom anna bedne om å gå gjennom rutinane for veksling mellom bokmål og nynorsk. I arbeidet med rutinar tilrår Norsk språkråd:

”1 I store institusjonar som har avdelingar, må kvar avdeling ha ansvar for å oppfylle krava i mållova. Dersom kvar avdeling ikkje har eit sjølvstendig ansvar for å syte for veksling mellom målformene, blir ansvaret pulverisert.

2 Den øvste leiinga for institusjonen har likevel ansvar for at institusjonen som heilskap følgjer reglane.

3 Reglane bør vere enkle. Statsorgan som brukar mest bokmål, kan t.d. ha ein regel om at tredje kvar pressemelding skal vere på nynorsk, og tilsvarende reglar for rundskriv, lysingar, brosjyrar og andre tekstar. Somme statsorgan har slike reglar i dag. (For tilfang med særleg tilknytning til eit geografisk avgrensa område gjeld egne reglar.)

4 Praktiseringa av reglane må følgjast opp. Statsorganet må følgje utviklinga i løpet av året og gjere opp status kvart halvår, slik at veikskapar kan rettast opp før året er omme. I dei nye rapportskjemaa, som vart tekne i bruk frå og med rapportåret 1997, skal status både for 1. og 2. halvår førest opp.

5 Institusjonar som har informasjonsplanar, bør innarbeide veksling mellom målformene i planen. Institusjonar som har opplæringsplanar, bør etter behov innarbeide opplæring i nynorsk i planen.”

7.2 Forsøk etter opplæringslova § 1–4 – sidemålsopplæringa

Etter § 1–4 i opplæringslova kan ”Departementet [...] etter søknad frå kommune eller fylkeskommune gi løyve til at det blir gjort avvik frå lova og forskriftene etter lova i samband med tidsavgrensa pedagogiske eller organisatoriske forsøk”. I eit rundskriv av 4.1.02 (F-001-02) delegerer Utdannings- og forskingsdepartementet ansvaret for å vurdere slike søknader til statens utdanningskontor og Læringscenteret. Rundskrivet går inn på at det kan opnast for forsøk med mellom anna sidemålsundervisninga i den vidaregåande skulen.

I brev av 20.6.02 til Læringscenteret seier Språkrådet seg glad for eventuelle framlegg om forsøk som kan føra til styrking av denne delen av norskfaget. Rådet har også tidlegare peikt på

at det manglar større forsøk i skulen der styrking av sidemålsopplæringa er ein grunnleggjande premisse, og at det gjerne ynskjer ein pedagogisk debatt om metodar for å betra opplæringa i dei to målformene våre.

Etter rundskriv F-001-02 skal forsøk med sidemålsundervisning i den vidaregåande opplæringa ”skje innanfor rammen av at sidemålsundervisning skal finne sted”. Dette betyr at elevlar som deltek i slike forsøk, skal få sidemålsopplæring.

Rundskrivet går ikkje nærare inn på kva uttrykket ”skal få sidemålsundervisning” inneber, eller kor stort omfanget er, men eit vilkår er sjølvsagt at forsøka bør utarbeidast av kompetente pedagogar som også kjenner dei krava læreplanen set til kunnskap i hovud- og sidemålet.

Etter Norsk språkråds syn bør sidemålsopplæringa leggja til rette for at desse måla blir nådde:

- a) Elevane skal oppnå eit rimeleg ferdigheitsnivå i skriftleg sidemål
- b) Dei skal ha god kunnskap om den norske språksituasjonen
- c) Dei skal utvikla forståing for dei sosiale og historiske føresetnadene for den norske språksituasjonen
- d) Negative haldningar til sidemålet skal minskast

I brevet gjer Språkrådet difor framlegg om at *forsøk* med sidemålsopplæringa bør gå inn på moment som

- å kartleggja kva stilling sidemålsundervisninga har når det gjeld ulike rammefaktorar, pedagogiske opplegg/undervisningsformer, faglege resultat og haldningar til faget. Det bør kartleggjast i kva mon lærarane treng etterutdanning i emnet
- å prøva ut alternative pedagogiske opplegg/undervisningsformer der ein på ein systematisk måte granskar kva læringsresultat som kan oppnåast i forsøksperioden med tanke på skriveferdigheit i sidemålet og kunnskap om og haldningar til sidemål
- å samanlikna systematisk dei alternative pedagogiske opplegga/undervisningsformene med tradisjonelle undervisningsformer

Språkrådet skriv vidare at dei røynslene og resultatata Læringscenteret kjem fram til etter eventuelle forsøk med sidemålsundervisninga, bør gjerast tilgjengelege og gjerne presenterast i rapportar. Truleg er det stor interesse for utfallet av forsøksordninga, og Læringscenteret ville kunna nå mange med til dømes ein konferanse om forsøksresultata, korleis dei bør tolkast, og kva for føringar dei vil gje.

8 STADNAMNTENESTA

Norsk språkråd – ved namnekonulentane – skal medverka til at stadnamn får ein skrivemåte som tek vare på språkfaglege, nasjonale og lokale omsyn, arbeida for å forbetra prinsippa for namnsetjing og informera om stadnamnlova, stadnamn og stadnamnbruk.

8.1 Arbeidsoppgåver

Behandlingstida for saker som gjeld fastsetjing av skrivemåte etter stadnamnlova, er avhengig av saksomfanget. Andre spørsmål, t.d. telefonspørsmål, e-postspørsmål, blir som regel svara på med ein gong eller innan eit døgn.

Stadnamntenesta har gjeve tilråding om skrivemåten av om lag 7000 stadnamn i 2002. Dette er omkring 3000 færre enn i 2001. Det er to hovudgrunnar til denne nedgangen. For det første vart den samiske delen av stadnamntenesta overført frå Språkrådet til Sametinget frå 1.1.02, og for det andre har Statens kartverk reist færre saker i 2002. Kartverket har likevel som tidlegare år vore den største oppdragsgjevaren. Talet på vegnamnsaker frå kommunar har auka, like eins saker som gjeld namn på verneområde, bruer og tunnelar. Stadnamntenesta har også uttalt seg om namngjevinga av dei nye helseføretaka.

Arbeidet med å fullføra restansesakene for Statens kartverk har halde fram, og pr. 31.12.02 står det igjen omkring 1500 saker.

8.2 Opplysningsverksemd

Publisering

Irene Andreassen (saman med Terje Aronsen): “Finmarkku og Ruija.” I *Sáogat* 2.2.02 og *Finnmarken* 21.2.02

Botolv Helleland: “Place-name care and standardization in the Nordic countries.” I *ONOMA*. Vol. 37 (2002)

Botolv Helleland: “Stadnamnrøkt og stadnamnormering i dei nordiske landa.”

I *Å kallast med sitt rette namn*. Skrifter frå Norsk lokalhistorisk institutt, nr. 38

Botolv Helleland: La loi norvégienne sur la normalisation des noms de lieu. I *Actas do XX Congreso Internacional de Ciencias Onomásticas*. A Coruña 2002

Botolv Helleland: Redaktør saman med Gulbrand Alhaug, Peter Hallaråker og Gudmund Harildstad for *Nytt om namn* 35 (2002) og 36 (2002)

Tor Erik Jenstad: “Om Holsskeiet som vart til Hoelseidet.” I *Aura Avis* 11.5.02

Terje Larsen: “Offentleg normering av stadnamn og personnamn.” I *Å kallast med sitt rette namn*. Skrifter frå Norsk lokalhistorisk institutt, nr. 38

Anna

Botolv Helleland: Deltok i Dagsnytt 18 i diskusjon om framlegg om skifte av kommunenamnet Vestvågøy i Lofoten

Tor Erik Jenstad: Innslag i Språkteigen om stadnamn i offentlig bruk 14.7.02

8.3 Klagenemnda for stadnamnsaker

Oppnemnd av Kultur- og kyrkjedepartementet:

Kirsti Strøm Bull, leiar
Peter Hallaråker
Jorunn Vandvik Johnsen
Tom Schmidt

Sekretær for nemnda er Terje Larsen.

9 FORSKINGS- OG UTVIKLINGSARBEID

9.1 Arbeidet med nyord

Innsamlinga av nyord har halde fram. Somme av orda er publiserte i nyordsspalta i Språknytt. Arbeidet med nyordsboka *Nyord i norsk 1976–1999* har òg halde fram. Manuskriptet er ved årsskiftet 2002/2003 ferdig ut bokstaven S. Tor Guttu ved Institutt for nordistikk og litteraturvitskap ved Universitetet i Oslo står for arbeidet.

9.2 Samling av viktige normeringshistoriske dokument

Til no er det laga ei liste over viktige språkhistoriske dokument som kan koma på tale i ei slik samling.

10 ANNA VERKSEMD

10.1 Nordisk og internasjonalt samarbeid

Språknemndene i Norden rådfører seg med kvarandre og byter møtereferat, skrifter og anna som er av sams interesse. Ein stor del av det nordiske språksamarbeidet går føre seg gjennom fellesorganet Nordisk språkråd.

Leiaren i Norsk språkråd, Jan Olav Fretland, er nestleiar i Nordisk språkråd. Norsk språkråd deltek aktivt i arbeidet i Nordisk språkråd, og tek over leiarskapen og sekretariatsfunksjonen frå 1.1.03.

Det nordiske språkmøtet 2002 vart halde i Løgumkloster i Danmark 31.8.–2.9.02 med Dansk Sprognævn og Nordisk språkråd som arrangørar. Hovudtemaet på møtet var nordiske språk som andrespråk. Kari Tenfjord ved Universitetet i Bergen heldt innlegg om utfordringar i møtet med innvandrarspråk i Noreg. Som grunnlag for diskusjonen var alle språknemndene bedne om å svara på nokre spørsmål om minoritetsspråk og minoritetsspråkbrukarar i sitt land. Lars Anders Kulbrandstad hadde utarbeidd eit notat som svar på desse spørsmåla når det gjeld Noreg.

Helge Sandøy er leiar for prosjektet *Moderne importord i språka i Norden*, som blir koordinert og delvis finansiert av Nordisk språkråd. Prosjektet skal granska bruken av moderne importord og avløyserord, laga historikkar av den offisielle normeringa og undersøkje haldningar til moderne språkpåverknad.

Åsta Norheim er med i redaksjonsgruppa som reviderer *Nordisk møteordliste*, og har utarbeidd den norske delen av lista. Ordlista kjem til å innehalda fleire termar enn den førre utgåva. Nytt er det òg at det blir teke med termar på færøysk, samisk og grønlandsk i tillegg til danske, finske, islandske, norske og svenske termar. Lista skal koma ut i 2003.

Jan Hoel representerer Norsk språkråd i ei samnordisk gruppe som skal arbeida med IKT og språka i Norden.

10.2 Norsk språkpris

Norsk språkpris, som vart skipa i 1991, blir gjeven for framifrå bruk av norsk språk i sakprosa. Prisen er på 50 000 kr, og i tillegg får prisvinnaren eit diplom.

På rådsmøtet 13.2.03 vart prisen delt ut for tiande gong. Norsk språkpris for 2003 gjekk til journalisten og forfattaren Frode Grytten for reportasjar, artiklar og reiseskildringa *Dublin*. Det var Magnar Lund Bergo frå familie-, kultur- og administrasjonskomiteen på Stortinget som overrekte prisen.

Medlemmer av komiteen som vurderte framlegga til kandidatar, var Norunn Askeland, Olav Væhle Hauge (leiar), Per Egil Hegge og Hanne Ørstavik.

11 RÅDGJEVING OG INFORMASJON

11.1 Rådgjeving

Språkrådet får mange spørsmål om språkbruk over telefon og telefaks og i e-post og brev. E-postrådgjevinga er ein viktig del av tenestetilbodet frå Språkrådet, og i 2002 svara sekretariatet på ca. 2400 e-postspørsmål. Det er om lag like mange som i fjor.

I januar vart telefonsamtalane med språkspørsmål til sekretariatet talde opp systematisk. Det kom ca. 400 slike språkspørsmål den månaden. På grunnlag av oppteljinga kan ein rekna med at sekretariatet svara på ca. 5000 språkspørsmål over telefon i år 2002, om lag like mange som i fjor.

På slutten av året vart det sett i gang ei prøveordning som går ut på at dei som er med i svartenesta, er delte inn i lag på tre og tre som har vakt etter ein fast turnus. Kvart lag har vakt ei veke om gongen og svarar då på alle språkspørsmåla som kjem til Språkrådet den veka, både i telefon og e-post. Slik har dei som er med på eit lag, vakt ei veke og kan driva meir konsentrert med andre arbeidsoppgåver dei to neste vekene.

Dei som ringjer, er privatpersonar, folk som arbeider i offentlig forvaltning, folk i forlag, i reklamebransjen og i næringslivet elles. Dessutan ringjer ein del elevar og studentar, og lærarar og journalistar.

Det er nødvendig å rasjonalisera svartenesta for e-post og leggja større vekt på spreiring av rådgjeingsstoff gjennom nettsidene og publikasjonar med sikte på å få ned tidsbruken. Det er utarbeidd eit framlegg til ei rasjonaliseringsløyising for e-postsvartenesta i sekretariatet. Føremålet med framlegget er å ta vare på og leggja til rette tidlegare e-postspørsmål med svar i elektronisk form på ein slik måte at rådgjevinga i større grad enn før kan byggja på ombruk. Noko av materialet vil òg kunna nyttast i Språknytt og på vevsidene til Språkrådet.

Det er meininga å byggja opp ein slik database systematisk, slik at det blir lettare å dra nytte av svar som er gjevne før.

11.2 Informasjon

11.2.1 Publikasjonar

Språknytt kom i 2002 med fire nummer. Nummer 3–4 var eit dobbeltnummer om språkending. Redaktørar var leiarane i fagnemnda, Helge Sandøy og Kjell Ivar Vannebo. Åsta Norheim var redaksjonssekretær. Normalopplaget har vore 25 500.

Statsspråk, bladet for godt språk i staten, kom i 2002 med to nummer. Opplaget var 17 000. Redaktør var Jostein Stokkeland. At talet på utgjevingar vart skore ned, har ført til mindre kontakt med lesarane.

11.2.2 Nettsider

Mellom anna desse dokumenta vart lagde ut i 2002:

Den nordiske språkkonvensjonen

Importord – fornorsking eller norvagisering

Lenkje til artikkel på fransk om språksituasjonen i Noreg

(Eyvind Fjeld Halvorsen: Population peu nombreuse et deux langues écrites)

Lenkje til artikkel på tysk om språksituasjonen i Noreg

(Eyvind Fjeld Halvorsen: Wenige Einwohner – zwei Schriftsprachen)

Lenkjer til artiklar på engelsk om nynorsk

(Peter Hallaråker: The Nynorsk language – yesterday, today and tomorrow

og Lars S. Vikør: The Nynorsk Language of Norway)

Lenkje til Digital fjernsynsterminologi

Lenkje til Handlingsprogram för svenska språket

Lenkje til Norvengelsk 2003 (språkkonkurranse)

Lenkje til Ordlabben (samarbeidstiltak mellom Dagbladet og Norsk språkråd)

Lenkje til Rosings språkpris

Nynorsk programvare

Nynorskrettskrivinga – utgreinga om og framlegget til revisjon av rettskrivinga i nynorsk

Oppdatert utgåve av På godt norsk

Oppdatert utgåve av OSS (ofte stilte spørsmål)
Peter Trudgill: Norwegian as a Normal Language
Pressemeldingar
Rapport 1 og 2 om samling og tilgjengeleggjering av norske språkteknologiressursar
Revidert utgåve av Geografiske namn
Revidert utgåve av Historiske namn
Språknytt i html-format og pdf-format
Årsmøtestoff

I gjennomsnitt vart det i 2002 henta rundt 1600 dokument i døgnet, mot 1160 i 2001. Det vart i gjennomsnitt henta mellom fire og fem dokument i kvar økt. Det vil seia at 300–400 brukarar var innom nettsidene kvar dag. Dei mest brukte dokumenta var lenkjesida til Bokmålsordboka og Nynorskordboka (20 200 oppslag), Lita dataordliste (19 600 oppslag), Skrivereglar o.a. (17 200 oppslag), Språknytt 1/96 (temanummer om Ivar Aasen, 7700 oppslag), Norwegian Language Resources (6250 oppslag) og På godt norsk (6200 oppslag). Over 1220 institusjonar og personar registrerte i søkjebasen Alta Vista hadde lenkjer til nettsidene ved utgangen av året.

Nettadressa er: <http://www.sprakrad.no>.

11.2.3 Språksider på NRKs tekst-tv

Norsk språkråd har hatt språksider på tekst-tv sidan august 1986. I denne tida har det stått meir enn 3000 sider på skjermen.

Styret har nedprioritert dette arbeidet, og i slutten av april 2002 stod dei siste språksidene på skjermen.

11.2.4 Utsending av informasjonsmateriell til dei vidaregåande skulane

Seinhaustes 2002 sende Språkrådet hefta "Norsk – i nye tusen år?", "Kjønn, språk, likestilling", plakaten "Å skrive er å omgåast andre" og "Derfor trenger vi språkteknologi på norsk" til dei vidaregåande skulane med tilbod om å tinga klassesett.

11.2.5 Orientering om rettskrivingsvedtak til forlag, skular og andre

Norsk språkråd sende 31.5.02 ut rundskriv om vedtak om skrivemåten av geografiske og historiske namn til forlag, skular, universitet, høyskular, forskingsinstitutt, aviser og andre.

11.2.6 Pressemeldingar og presseklipp

Det vart i 2002 sendt ut 11 pressemeldingar. Det vart registrert 570 presseklipp på "Norsk språkråd" i 2002, mot 567 i 2001, 800 i 2000, 915 i 1999 og 541 i 1998.

12 FRÅSEGNER

12.1 Fråsegn om organiseringa av lærarutdanningane

Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet sende 16.11.01 ut *Høringsnotat om organisering av lærerutdanningene*. I høyringsfråsegna av 9.1.02 presiserer Språkrådet at det bør leggjast vekt på å styrkja den grunnleggjande norskkompetansen innanfor *all* lærarutdanning. Alle lærarar er språklege førebilete og rettleiarar. Dei fleste lærarar skriv på tavla, kommenterer i bøkene til elevane og sender skriftlege meldingar til foreldra. Når forskning elles viser at god morsmålskompetanse er ein fundamental føresetnad for god kompetanse i norsk for elevar med minoritetsspråkbakgrunn, må det takast alvorleg.

Kompetanseforskrifta bør ha *enkle, generelle krav* til fagleg breidd eller djupn for undervisning i norsk: På dei lågaste klassestega bør lærarar mellom anna ha inngåande kunnskap om begynnaropplæring i lesing og skrivning, og på høgare steg treng lærarane til dømes brei kunnskap om norsk skriftkultur før og no, slik at norskfaget i skulen verkeleg blir eit dannelses- og samhandlingsfag.

Norsk bør vera eit *obligatorisk fag* for alle førskulelærarar, og sidan dei skal vera kvalifiserte for småskulen, bør norskopplæringa vera meir omfattande enn det 15 studiepoeng gjev. Lesing og skrivning er grunnleggjande ferdigheiter både i skulen og i samfunnet elles.

Også i allmennlærarutdanninga må norsk vera eit *obligatorisk fag*, eit basisfag på linje med matematikk. Den særstillinga norskfaget har i skulen ved at det er tildelt fleire timar enn andre fag, bør visast i at faget blir prioritert i lærarutdanninga.

Språkrådet presiserer vidare at norskfaget inneber opplæring i begge målformene, både i allmennlærarutdanninga og i den delen av førskulelærarutdanninga som dekkjer dei tre første skuleåra. Dette er eit vilkår for at lærarane skal kunna undervisa kvar som helst i landet og i skular med klassedeling etter målform. Skal dei språklege rettane til elevane sikrast, må norskopplæringa i allmennlærarutdanninga inkludera både bokmål og nynorsk.

Høyringsfråsegna tek opp om det i tillegg til norskfaget bør vera eit generelt *språkfag* i lærarutdanninga som bør vera obligatorisk. I dag er mange barn fleirspråklege, og engelsk språk spelar ei stadig større rolle i norsk kultur, også i barnekulturen. Kanskje trengst andre tilnæringsmåtar til språkfaga, norsk, minoritetsspråk, engelsk og andre framandspråk. Lærarar bør ha kunnskap og innsikt som gjer dei i stand til å spela på det språklege mangfaldet i samfunnet til beste for borna, samstundes som målet er at elevane skal ha så gode ferdigheiter i norsk som råd.

12.2 Fråsegn om undervisningsspråk og gradsnemningar i høgre utdanning

Då Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet i eit utkast til endringar i universitetslova i 2001 gjorde framlegg om å oppheva føresegna om at undervisningsspråket ved universitet og høgskular til vanleg skal vera norsk, uttalte Norsk språkråd seg om dette og gjekk imot framlegget (sjå årsmeldinga for 2001). I den stortingsmeldinga som låg til grunn for utkastet

til ny lov, var elles dei engelske gradsnemningane ”bachelor” og ”master” nytta, og her hadde Språkrådet alt tidlegare gjort framlegg om dei norske nemningane ”kandidat” og ”magister” i staden (sjå årsmeldingane for 2000 og 2001).

Språkføreseigna og gradsnemningane vart debatterte ein del i media også etter at høyringsfristen var ute, og somme vende seg til Språkrådet med synspunkt på desse spørsmåla. Då utkastet til ny universitetslov skulle behandlast i Stortinget våren 2002, hadde representantar for Språkrådet eit møte med medlemmer av kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen, der representantane for rådet presiserte og utdjupa kva syn rådet hadde på dei to sakene. Dei føreslo blant anna at ei formulering om at gradsnemningane skal vera norske, skulle takast inn i lova. Desse momenta vart også lagde fram for komiteen i skriftleg form.

Då lova vart vedteken, viste det seg at Språkrådet ikkje hadde fått gjennomslag for standpunkta sine på Stortinget.

13 NORSK SPRÅKRÅD OG NORSK RIKSMÅLSORDBOK

Norsk språkråd fekk for nokre år sidan ansvaret for å gje ei tilråding til departementet om budsjettframlegga for nokre tiltak utanfor Språkrådet, og har mellom anna behandla søknader frå Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur for *Norsk Riksmålsordbok* og gjeve tilråding om støtte til revisjon av ordboka.

Språkrådet fekk ein budsjettsøknad av 18.1.02 frå Akademiet om 500 000 kr til *Norsk Riksmålsordbok* for 2003, og saka vart behandla på styremøtet 6.2. I brev av 1.3. tilrådde Språkrådet overfor departementet at det beløpet det var søkt om, vart løyvt, men på bakgrunn av opplysningar om at ordbokprosjektet skal vara mange år framover og tidlegast vera fullført i 2014, vart det knytt nokre føresetnader til tilrådinga:

”Siden prosjektet nå framstår som et vesentlig mer omfattende prosjekt både faglig og kostnadmessig enn vi i utgangspunktet forestilte oss, vil vi anbefale departementet å be Akademiet utarbeide en forpliktende plan for framdrift og behov for økonomisk støtte fram til fullføring av utgivelsen. [...]

Dersom den dokumentasjonen som legges fram, viser at nytgivelsen blir vesentlig mer enn en sammenstøpning av de eksisterende bindene, eventuelt dersom behovet for bevilgninger blir særlig stort, mener vi det er grunn til å gjennomdrøfte hele prosjektet på nytt for å vurdere på hvilken måte man kan utvide det til å bli et ordboksverk for bokmålet i sin helhet.”

Språkrådet skreiv dessutan dette:

”Vårt generelle synspunkt er ellers at når offentlige midler skal brukes i den størrelsesorden det her ser ut til å være snakk om, vil det være uheldig om nytgivelsen framstår som et markert språkpolitisk prosjekt. Det vil derfor være rimelig å forvente at NRO benytter den offisielle bokmålsnormen i redaksjonsspråket, og at oppslagsordene også inkluderer den offisielle

bokmålsnormen i ortografien og bøyningsformene. I ordbokens generelle del bør det også gis en orientering om de reglene som Språkrådet har vedtatt for sin uttalerådgivning.”

Akademiet uttrykte i brev av 4.4.02 til departementet forundring over at Språkrådet stilte språkpolitiske vilkår for støtte.

I brev datert 10.4.02 orienterte Kultur- og kyrkjedepartementet Språkrådet om at søknadene om støtte til *Norsk Riksmålsordbok* og *Norsk Ordbok* i framtida ikkje skal gå vegen om Språkrådet, men sendast direkte til departementet.

Aftenposten skreiv ein artikkel om saka i desember, og det vart ein debatt mellom Språkrådet og Akademiet på grunnlag av artikkelen.

14 ADMINISTRASJON

14.1 Budsjett og rekneskap for 2002

Opphavleg løyving	12 202 000
Del av pålagd innsparing	-14 000
Kompensasjon for lønnsoppgjeret	309 000
Sum løyving	12 497 000
Tilleggsloyving	370 000 *

	Rekneskap	Budsjett
Lønn og godtgjersler	8 203 006	8 318 012
Varer og tenester	4 842 247	4 178 988
Sum kapittel 0326	13 045 253	12 497 000

Ymse inntekter	490 684	150 288
Refusjonar	320 295	188 712
Sum kapittel 3326	810 979	339 000

Faktiske inntekter	810 979
Inntektskrav	- 339 000
Budsjetterte kostnader	12 497 000
Faktiske kostnader	- 13 045 253
Resultat	- 76 274

*Beløpet er inkludert i posten Ymse inntekter

PROSJEKTET NORSK SPRÅKBANK

Utgreiingsoppgåver innanfor språkteknologiområdet:	
Tilleggsloyving frå KKD	500 000
Tilleggsloyving frå NHD	250 000
Sum	750 000
Faktiske kostnader	743 078
Ubrukte midlar	6 922

14.2 Møte i råd, styre og fagnemnd

Språkrådet hadde årsmøte på Rica Oslo Hotel 7.–8.2.02. Rådet behandla dei vanlege årsmøtesakene og rettskrivingssakene, jf. pkt. 2 om normering. I tillegg kasta Tove Skutnabb-Kangas lys over temaet nasjonale og internasjonale språkrettar med eit foredrag, som ein bakgrunn for drøfting av Språkrådets framlegg til mandat for ein språkkommisjon, jf. pkt. 1 og 4.7 og vedlegg 3. Vidare blei det gjeve ei orientering om auka satsing på terminologiarbeid, jf. pkt. 3.

Styret har hatt fire møte: 6.2.02, 14.5.02, 12.9.02 og 4.–5.12.02.

Fagnemnda samla har berre hatt eitt møte i 2002: 13.12.

Bokmålsdelen av fagnemnda har hatt tre møte: 25.4.02, 3.10.02 og 10.12.02.

Nynorskdelene av fagnemnda har ikkje hatt noko møte i 2002.

Nynorskseksjonen i Språkrådet hadde eit eige møte 13.5.02 i Oslo. Det var eit sammøte mellom arbeidsgruppa og referansegruppa om revisjon av nynorsknorma 18.12.02. Det er elles referansegruppa som har arbeidd med nynorsknormeringsssaka, jf. pkt. 2.

14.3 Kompetanseutvikling og personalseminar

Det vart utarbeidd ein kompetanseutviklingsplan for dei tilsette i sekretariatet i Norsk språkråd tidleg på året i 2002. Ut frå planen vart det utarbeidd individuelle arbeidsplanar for andre halvår 2002.

Dei tilsette i sekretariatet hadde eit personalseminar 25.–26.9.02. Formålet med seminaret var mellom anna å laga betre arbeidsrutinar på fleire område og å skapa grunnlag for omorganiseringsprosessen.

14.4 Deltaking på møte, konferansar og seminar

- | | |
|--------------|---|
| 22.1.02: | Møte med tekstarane i NRK Fjernsynet: Jostein Stokkeland |
| 14.2.02: | Den Norske Dataforening, avdeling Sør-Trøndelags konferanse "Jorda rundt på 80 språk", Trondheim: Torbjørg Breivik innleide om terminologi og fagspråk. |
| 21.–22.2.02: | Nordisk språknormeringskonferanse, Høgskolen i Agder, Kristiansand: Torbjørg Breivik, Åsta Norheim |
| 2.3.02: | Riksmålsforbundets språkseminar "Fra norsk til SMS. Aktuelle språkspørsmål", Oslo: Ingrid Dahlø, Trine Gedde-Dahl |
| 12.3.02: | Confex-seminar for "IT-sjefer i det offentlige": Jan Hoel |

- 17.4.02: Foredrag om utfordringar for offentleg målbruk i Juristmållaget:
Jon Grepstad
- 17.–18.4.02: Kurset ”Statistikk og analyse for offentlig forvaltning”:
Dag Finn Simonsen
- 19.4.02: Studietur med prosjektgruppa for språkbanken til European Language
Resource Association / European Language Distribution Agency (ELRA/
ELDA), Paris. Torbjørg Breivik stod for opplegget og var deltakar på
turen.
- 26.4.02: Årsmøte i Noregs Mållag. Oslo: Jon Grepstad fekk tildelt ein ’målblome’.
- 28.4.02: Årsmøte i Noregs Mållag. Oslo: Jon Grepstad leidde seminar om nynorsk
og IT.
- 6.5.02: Seminar ved Bymålslagets 100-årsjubileum: Marit Hovdenak,
Åsta Norheim
- 8.5.02: Studietur med prosjektgruppa for språkbanken til Nordisk Språkteknologi
AS (NST) og SAIL Port Northern Europe AS (SPNE) på Voss:
Torbjørg Breivik var ansvarleg for opplegget og var deltakar.
- 23.5.02: Seminar om ny-metode-direktiv og standardar i regi av Norges
Standardiseringsforbund (NSF): Jan Hoel
- 28.5.–3.6.02: LREC2002 (Third International Conference on Language
sources and Evaluation), Gran Canaria, Spania: Torbjørg Breivik
- 12.6.02: Fordjupingsseminar om eNoreg i regi av Nærings- og
handelsdepartementet, Oslo: Marit Hovdenak og Torbjørg Breivik
- 13.6.02: Integreringsseminar for kvinne- og likestillingsfeltet i dei kyrkjelege råda,
Oslo: Marit Hovdenak (med innlegg)
- 8.–9.6.02: Generelt seminar arrangert av Nordisk Forskerakademi (NorFa), Oslo:
Torbjørg Breivik deltok på møtet og i ein paneldebatt om *Skandinavisk
ordbok* på Internett.
- 13.–14.6.02: Retorikkseminar, Universitetet i Oslo: Trine Gedde-Dahl
- 20.–21.6.02: Dei Nynorske Festspela 2002, Ørsta: Jon Grepstad
- 21., 22.8. og
28.8.02: Introduksjonskurs for saksbehandlarar og rådgjevarar
i statsforvaltninga, Oslo: Åsta Norheim

- 30.8.02: Årsmøte i Nordisk språkråd: Jan Olav Fretland, Ståle Løland
- 30.8.–2.9.02: Nordisk språkmøte, Løgumkloster, Danmark: Jan Olav Fretland, Ola Haugen, Marit Hovdenak, Kari Haave, Ståle Løland, Helge Sandøy, Kjell Ivar Vannebo
- 10.10.02: Etatsleiarseminar i Kultur- og kyrkjedepartementet, Oslo: Marit Hovdenak
- 17.10.02: Normering av nynorsk bibelspråk, Oslo: Jostein Stokkeland
- 18.–19.10.02: Den nordiske konferansen ”Med ’bil’ i 100 år”, Bergen: Jan Hoel, Dag Finn Simonsen, Anne Helene Aarflot. Ordsmieredaksjonen hadde innlegg.
- 21.10.02: NorDokNet-møte i Göteborg. Torbjørg Breivik innleidde om strukturen på og grensesnittet for terminologibasen.
- 24.–25.10.02: Norsk dokumentasjonssenter for språkteknologi, SPNE og Norsk språkråds konferanse om språkteknologi, Bergen: Torbjørg Breivik var med i arrangementskomiteen, og ho og Marit Hovdenak deltok på møtet.
- 30.10.02: Standardiseringsorgana og Norsk språkråd sin konferanse ”Norsk Standard på engelsk?”, Oslo: Ingrid Dahlø, Jan Hoel, Marit Hovdenak, Dag Finn Simonsen, Johan Myking, Kjell Ivar Vannebo
- 5.–6.11.02: Konferansen ”Vitenskap og massemedier”, Oslo: Dag Finn Simonsen
- 11.–13.11.02: EU-kommisjonens presentasjon av og konferanse om EUs 6. ramme-program for forskning og utvikling, Brussel: Torbjørg Breivik
- 19.11.02: Rosing-dagen: Torbjørg Breivik og Ola Haugen
- 28.–29.11.02: Seminar om skriftkultur, Oslo: Ingrid Dahlø, Trine Gedde-Dahl, Åsta Norheim

14.5 Stadnamntenesta, deltaking på møte, konferansar og seminar

- 31.1.02: Tor Erik Jenstad: “Trønderske stedsnavn, ord og uttrykk – og kanskje noen skjellsord.” Foredrag på Trøndelagskartdagen, Stjørdal
- 19.–24.8.02: 21. internasjonale namnegranskarkongress i Uppsala: Botolv Helleland, Terje Larsen; Terje Larsen heldt foredrag.
- 26.8. og 6.9.02: Den 21. sesjonen i UNGEGN (United Nations Group of Experts on Geographical Names), Berlin: Botolv Helleland og Terje Larsen
- 27.8.–5.9.02: Den 8. FN-konferansen om normering av stadnamn, Berlin: Botolv Helleland og Terje Larsen
- 19.–20.9.02: Fellesmøte for stadnamntenesta, klagenemnda for stadnamnsaker og namnerådet i Statens kartverk, Trondheim: Irene Andreassen, Eli J. Ellingsve, Astrid Sann Evensen, Peter Hallaråker, Botolv Helleland, Marit Hovdenak, Tor Erik Jenstad, Ole-Jørgen Johannessen, Terje Larsen, Finn Myrvang, Kjell Erik Steinbru, Ola Stemshaug, Boye Wangensteen
- 7.11.02: Møte med Rollag kommune og Statens kartverk Buskerud, Rollag: Terje Larsen

Oslo, februar 2003

Jan Olav Fretland
leiar

Marit Hovdenak
dagleg leiar

Vedlegg 1

LOV AV 18. JUNI 1971 OM NORSK SPRÅKRÅD

§ 1

Det opprettes et råd for språkvern og språkdyrking. Rådet skal ha navnet Norsk språkråd. Norsk språkråd skal

- a) verne om den kulturarv som norsk skriftspråk og talespråk representerer, fremme tiltak som kan øke kunnskapen om norsk språk, dets historie og egenart, fremme toleranse og gjensidig respekt i forholdet mellom alle som bruker norsk språk i dets forskjellige varianter, og verne om den enkelte borgers rettigheter når det gjelder bruken av språket,
- b) ---
- c) gi myndighetene råd i språkspørsmål, særlig når det gjelder språkbruken i skolen, i Norsk Rikskringkasting og i statstjenesten, uttale seg om prinsipper for normering av skriftspråket og av stedsnavn, og komme med forslag om lovgivning i språkspørsmål,
- d) gi råd og rettledning til allmennheten,
- e) fremme og delta i nordisk samarbeid om språkdyrking, og
- f) sørge for at resultatene av rådets arbeid blir gjort kjent.

Endret ved lov 13. des 2002 nr. 80.

§ 2

Kongen fastsetter nærmere vedtekter for rådets sammensetning, organisasjon og virksomhet.

§ 3

Denne lov trer i kraft fra den dag Kongen bestemmer.

Fra 1. jan 1972 iflg. res. 29 okt 1971.

Lovendring 13. desember 2002

Stortinget vedtok 5. desember 2002 lov om endring i lov 18. juni 1971 nr. 79 om Norsk språkråd. Lovendringa vart sanksjonert i statsråd 13. desember 2002 og tok til å gjelda frå same dato. Endringa var i samsvar med framlegget frå regjeringa i Ot.prp. nr. 95 (2001–2002), jf. også Innst. O. nr. 3 (2002–2003). Etter dette er heile bokstav b i § 1 i lov om Norsk språkråd oppheva.

Vedlegg 2

VEDTEKTER FOR NORSK SPRÅKRÅD

fastsatt ved kongelig resolusjon 29. oktober 1971, med seinere endringer 7. april 1972, 9. januar 1976, 25. november 1983, 10. februar 1984, 20. november 1987 og 10. januar 1992.

§ 1. Rådets sammensetning.

Norsk språkråd består av 38 medlemmer fordelt på to like seksjoner, en for bokmål og en for nynorsk.

For medlemmene oppnevnes varamedlemmer.

Rådets medlemmer blir oppnevnt for fire år. Følgende institusjoner oppnevner rådets medlemmer og varamedlemmer:

	Bokmål	Nynorsk
Norske universiteter og vitenskapelige høyskoler		
ved Det norske universitetsråd	3	3
Grunnskolen ved sin lærerorganisasjon	1	1
Den videregående skolen, folkehøgskolen og		
lærerhøgskolen ved sine lærerorganisasjoner	1	1
Landslaget for norskundervisning	1	1
Den norske Forfatterforening	2	2
Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening	1	1
Norsk Oversetterforening, Statsautoriserte translatørers		
forening og Oversetterutvalget i Norsk faglitterær		
forfatter- og oversetterforening	1	1
Den norske Forleggerforening	1	1
Norsk Presseforbund	1	1
Norsk rikskringkasting ved styret	1	1
Riksmålsforbundet	2	
Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur	2	
Noregs Mållag		2
Det Norske Samlaget		1
Norsk Måldyrkingslag		1
Landslaget for språklig samling	1	1
Norsk Skuespillerforbund	1	1

Dersom en institusjon eller organisasjon som oppnevner medlemmer og varamedlemmer i rådet, opphører eller vesentlig endrer sin virksomhet, kan Kongen endre rådets sammensetning også med virkning for medlemmer hvis funksjonstid ikke er ute.

Blant sine medlemmer velger rådet selv en fagnemnd på åtte medlemmer, fire fra hver seksjon, med personlige vararepresentanter.

Medlemmene av fagnemnda har for øvrig de samme rettigheter og plikter som andre medlemmer i rådet.

§ 2. Rådets styre og fagnemnd.

Hver seksjon i rådet velger sin leder for ett år om gangen. Seksjonslederne er skiftevis, ett år om gangen, leder og nestleder i rådet. Ved første valg avgjøres ved loddtrekning hvilken seksjon som skal ha ledervervet i rådet.

Seksjonene i fagnemnda velger for ett år om gangen hver sin leder. De to er skiftevis leder og nestleder i den samlede fagnemnd, slik at lederen i fagnemnda alltid er fra den seksjon som ikke har ledervervet i rådet.

Rådet har et styre på seks medlemmer: Leder og nestleder for rådet, som samtidig er leder og nestleder for styret, leder og nestleder for fagnemnda, og to seksjonsvalgte medlemmer, en fra hver seksjon.

Seksjonene i fagnemnda velger blant sine medlemmer personlige vararepresentanter til styret for lederen og nestlederen i fagnemnda. Personlige vararepresentanter for de andre styremedlemmene velges av seksjonene i rådet.

§ 3. Møter i rådet, i fagnemnda og i styret.

Rådet holder minst ett møte om året. Styret innkaller til rådsmøter med minst 2 ukers varsel. Sakliste sendes medlemmene innen samme frist. Ingen sak må tas opp til avgjørelse på rådsmøtet hvis den ikke har vært ført på saklista, med mindre rådet enstemmig beslutter det. Rådet skal innkalles hvis minst 13 medlemmer krever det.

Rådets fagnemnd møter så ofte som nødvendig, og minst fire ganger i året. Lederen i fagnemnda sørger for å kalle inn til møtene.

Rådets styre møter så ofte som nødvendig. Lederen i styret sørger for å kalle inn til møtene.

§ 4. Saksbehandling og vedtak.

Saker i rådet avgjøres enten i plenum eller i en seksjon. Saker som i betydelig grad berører begge språkformer, skal alltid avgjøres av rådet i plenum. Slike saker skal enten legges fram direkte for rådet i plenum eller først legges fram for den ene eller for hver av seksjonene til uttalelse. Saker som berører den ene språkform, men ikke i betydelig grad den andre, skal avgjøres i den seksjon som saken berører, men også da etter forutgående drøfting i plenum, jfr. dog annet ledd siste punkt.

Det er rådets styre som avgjør hvilke saker som skal legges fram direkte for rådet i plenum til avgjørelse, og hvilke som først skal legges fram for den ene eller for hver av seksjonene

til uttalelse. Det kan også treffe beslutning om at saker som etter første ledds siste punkt skal avgjøres i en seksjon, skal legges direkte fram for vedkommende seksjon til avgjørelse uten forutgående drøfting i plenum. Saker av rent språklig karakter kan styret legge direkte fram for fagnemnda uten forutgående drøfting i rådet i plenum, dersom saken haster eller dersom styret etter omstendighetene for øvrig finner det hensiktsmessig.

En sak som styret har lagt fram for rådet i plenum til direkte avgjørelse, skal, før avgjørelse treffes i plenum, også legges fram for den ene seksjon eller for hver av seksjonene, dersom dette blir krevd av fire medlemmer av vedkommende seksjon. Alle avgjørelser ved plenumsbehandling i rådet krever flertall innenfor hver av seksjonene.

Rådet er vedtaksført når minst 13 medlemmer fra hver av seksjonene er til stede. Alle avgjørelser i seksjonen treffes ved simpelt flertall. I tilfelle stemmelikhet er lederens stemme avgjørende.

Seksjonen er vedtaksfør når minst 13 medlemmer er til stede.

Alle avgjørelser i rådets styre treffes ved simpelt flertall. I tilfelle stemmelikhet skal saken legges fram for rådet. Styret er vedtaksført når minst to medlemmer fra hver seksjon er til stede.

§ 5. Fullmakter i normeringsspørsmål.

Norsk språkråd har fullmakt til å gjøre endelig vedtak i normeringsspørsmål som gjelder

- a. skrivemåte og bøyning av nye ord og andre enkeltord som ikke tidligere er normert i norsk (gjelder også transkripsjon av utenlandske navn)
- b. forkortelser
- c. tegnsetting
- d. datering og andre talluttrykk
- e. stor eller liten forbokstav
- f. særskrivning eller sammenskriving
- g. orddeling

Vedtak om gjennomgripende endringer av hele systemer og vedtak om endring i skrivemåte eller bøyning av enkeltord som tidligere er normert i norsk, skal legges fram for departementet til godkjenning.

§ 6. Styrets oppgaver.

Styret fordeler de saker som kommer inn til Språkrådet, forbereder rådsmøtene, innkaller til møtene og har ansvaret for at rådets vedtak blir gjennomført. Styret varetar rådets kontakt med myndighetene og representerer rådet i tiden mellom rådsmøtene.

Styret utarbeider for rådet forslag til budsjett og årsmelding, og sørger for at budsjettforslag,

regnskap og årsmelding, som også omfatter fagnemndas virksomhet, er innsendt til departementet innen den fastsatte frist for budsjettframlegg. Årsmeldingen sendes til alle oppnevnte institusjoner og organisasjoner. Rådets styre har innen budsjettets ramme adgang til å la særutvalg eller enkeltpersoner ta seg av særlige spørsmål.

§ 7. Fagnemndas oppgaver.

Fagnemnda er et faglig og konsultativt organ innen Norsk språkråd.

Etter oppdrag fra rådet skal nemnda utrede spørsmål av rent språklig karakter, og stå til konsultativ tjeneste for myndighetene, offentlige institusjoner, presse og allmennhet i faglige spørsmål.

Konkrete oppgaver for fagnemnda er f.eks.:

1. å gi rettleiing om språkbruk, ortografi, terminologi, syntaks og stil i lærebøkene for skoleverket,
2. å fremme enhet i terminologi innenfor hver språkgruppe, og, så langt det er naturlig, for begge språkgrupper under ett,
3. å registrere utviklingen av norsk skriftspråk og talespråk i samarbeid med språkvitenskapelige institusjoner,
4. å vareta rådets kontakt og samarbeid med liknende institusjoner i andre nordiske land. Rådets styre kan innenfor rammen av denne paragraf gi nærmere instruks for fagnemndas virksomhet, herunder spørsmålet om delegering av avgjørende myndighet til nemnda i rent språklige spørsmål.

§ 8. Sekretariatet.

Til det daglige arbeid får Norsk språkråd et sekretariat med nødvendig sekretærhjelp for hver språkform og ellers den kontorhjelp som trengs.

Alle tilsetninger foretas av rådets styre.

Styret setter opp instruks for sekretariatet og fører tilsyn med arbeidet ved lederen og nestlederen. Til sekretariatet knyttes en jurist som konsulent for styret i rådet.

Vedlegg 3

NOTAT OM SKIPING AV EIN SPRÅKKOMMISSJON

Formål

Norge må ha en nasjonal språkpolitikk. Det bør være like selvfølgelig som at vi for eksempel har en utdanningspolitikk, en forsvarspolitikk eller en samferdselspolitikk. En språkpolitikk må være godt forankret i brede lag av befolkningen, og den må være forpliktende for statlige prioriteringer, beslutninger og bevilgninger. Språket har så stor betydning både for kulturlivet, næringslivet og for den enkelte, ja for den nasjonale identiteten, at det kan virke uansvarlig eller skjødesløst dersom vi ikke klargjør og forankrer vår språkpolitikk på en bedre måte enn i dag. Å utforme en politikk vil si å fastsette og begrunne mål og angi virkemidler. Å utforme en språkpolitikk vil innebære å analysere vilkårene for norsk språk og for norske språkbrukere, å klargjøre hvilken verdi nasjonalspråket representerer, å trekke opp hovedlinjene for hvordan vi ønsker at det skal utvikle seg, å beskrive hvilken posisjon og funksjon det skal ha i samfunnet i dag og i fremtiden, og å redegjøre for hvilke virkemidler som er nødvendige for å sikre at de målene vi setter, blir oppfylt. For å danne grunnlaget for utformingen av en språkpolitikk som svarer til dagens og morgendagens behov, vil en regjeringsoppnevnt språkkommisjon være et velegnet redskap.

Bakgrunn

Norge har i dag ingen nasjonal språkpolitikk som tilfredsstillende disse kravene, og som forholder seg til dagens situasjon. Det siste omfattende offisielle språkpolitiske dokumentet er Vøgtkomiteens instilling fra 1966 og stortingsmeldingen som ble laget på grunnlaget av den. Dessuten er lov om Norsk språkråd fra 1971, ved de oppgavene den tillegger rådet, et sentralt offisielt språkpolitisk dokument.

Også i enkelte andre lover finnes det bestemmelser som har språkpolitisk karakter, for eksempel i opplæringsloven og i lov om målbruk i offentlig teneste. Av nyere dato er det særlig stortingsmelding nr. 13 (1997–98) som inneholder viktige elementer til en nasjonal språkpolitikk. For øvrig finnes mer eller mindre forpliktende utsagn om norsk språks funksjon og betydning i enkelte offisielle dokumenter, blant annet i regjeringens (Bondevik 1) langtidsplan for perioden 1998–2001.

Gjennom sine normeringsvedtak etablerer Språkrådet implisitt grunnlaget og retningen for viktige deler av den nasjonale språkpolitikken. Språkrådets langtidsplaner, utredninger, uttalelser og begrunnelser for normeringsvedtak klargjør mer eksplisitt språkpolitiske mål, og de blir i sum den viktigste offisielle formuleringen av en nasjonal språkpolitikk. Av slike dokumenter av helt ny dato kan nevnes "Lånte fjører eller bunad. Om importord i norsk", Språkrådets "Plan for styrking av norsk språk", handlingsplanen "Norsk språk og IKT" og Språkrådets vedtak om uttalerådgivning fra februar 2001.

Det er altså ikke slik at det ikke finnes språkpolitiske dokumenter med offisiell status, eller at det ikke finnes en offisiell språkpolitisk refleksjon og offisiell språkpolitisk handling. Men vi mangler en mer samlet fremstilling av den nasjonale språkpolitikken basert på dagens situasjon,

og vi mangler en bred politisk og samfunnsmessig forankring av den og en presisering av hvilke verdier vi bygger språkpolitikken på. Vi mangler også en statlig vilje og forpliktelse til å sikre nødvendige virkemidler og ressurser, slik at viktige tiltak kan gjennomføres.

Språkrådet er den institusjonen som har det største ansvaret for å etterlyse en oppdatert, nasjonal språkpolitikk, men det bør ikke være Språkrådet som utformer den, selv om vi kan bidra vesentlig til å gi premissene for den gjennom analyser og kommentarer. Hovedlinjene i og hovedmålene for språkpolitikken må gis av det organet som har den bredeste samfunnsmessige forankringen og den største legitimiteten, nemlig Stortinget. Da kan vi også håpe på at det blir god sammenheng mellom mål og midler i språkpolitikken.

En språkpolitikk kan selvsagt ikke utformes en gang for alle; forholdene skifter, og politikken må i noen grad tilpasse seg endrede vilkår. Det gjelder særlig virkemidlene. Men de overordnede målene bør være stabile gjennom lang tid. Ett slikt overordnet mål bør være å sikre at norsk forblir det samfunnsbærende språket i Norge, at det opprettholdes som et fullverdig kulturspråk, bruksspråk og fagspråk på alle områder. Den språkpolitikken som utformes i dag, bør derfor ha et langsiktig perspektiv, selv om blant annet virkemidlene må justeres fra tid til annen slik at de svarer til endrede forutsetninger og fanger opp nye problemer og utfordringer som melder seg.

For Språkrådets arbeid vil det være viktig at mandatet blir fornyet og eventuelt justert gjennom arbeidet til en språkkommisjon og ved den språkpolitikken som utformes på bakgrunn av kommisjonens utredning. Det vil gi Språkrådets arbeid større legitimitet, det vil kunne gjøre det lettere for Språkrådet å fatte beslutninger både om normeringsspørsmål og om mål og strategier for det konkrete arbeidet i sekretariatet.

Det er flere forhold som i dag gjør det ønskelig å klargjøre norsk språkpolitikk. Særlig viktig er det språklige presset internasjonaliseringen skaper. Først og fremst er presset fra engelsk stort og økende, og vi kan allerede i dag registrere de første tendensene til språklig domenetap. På lengre sikt kan denne utviklingen føre til at norsk skyves ut av mange viktige funksjonsområder og erstattes av engelsk. De tendensene vi ser i dag, kan på lang sikt utgjøre en alvorlig trussel mot norsk som det samfunnsbærende språket i Norge.

Språkrøktmiljøene i mange europeiske land har de siste årene vist økende oppmerksomhet når det gjelder presset mot nasjonalspråket og faren for domenetap, og i flere av våre nordiske naboland arbeides det med konkrete planer for styrking av språket. Når en slik begrunnet frykt eksisterer og mulighetene for et omfattende nasjonalt kulturtap er til stede, bør vi være føre var, det vil være uansvarlig og uklokt ikke å ta trusselen alvorlig. Internasjonaliseringen vil kanskje først true nynorskens posisjon, som et mindretallsspråk, og spesiell oppmerksomhet bør derfor vies denne målformen. Det er nødvendig å klargjøre verdien av å opprettholde norsk som et fullverdig bruks- og kulturspråk også for kommende generasjoner. Vi må på bredt faglig grunnlag analysere situasjonen med grunnlag i den innsikten som moderne forskning har fremskaffet om språkkonflikter, domenetap og språkholdninger i både Norge og utlandet, og vi bør dra nytte av nyere kunnskap om og drøfting av språkvariasjon og språkdød. Det vil også være viktig å orientere seg godt om språklig jurisdiksjon i andre land.

En fremtidsrettet språkpolitikk må samtidig forholde seg til at den økende internasjonaliseringen vil skape en tospråklig situasjon for flere og flere fordi de i sin studie- og arbeidssituasjon blir avhengige av å bruke andre språk, særlig engelsk, som daglig arbeidsspråk. Utviklingen ser ut til å gå raskt, den kan neppe stoppes, og den har også mange positive sider. Utfordringen blir å finne ut hvordan vi skal organisere samlivet mellom norsk og ett eller flere dominerende verdensspråk uten at det fører til språklig domenetap for morsmålet. Norge er blitt et flerspråklig samfunn også som følge av at innvandringen gjennom den siste generasjonen har gitt oss mange nye grupper i befolkningen med andre morsmål enn norsk. En nasjonal språkpolitikk må også omfatte deres situasjon og det norske språksamfunnets holdning til dem.

Det er en voksende bekymring for at større grupper på grunn av dårlig språklig kompetanse ikke skal kunne hevde seg i samfunnet og være i stand til å utnytte sine demokratiske rettigheter. Det gjelder særlig personer med språklig bakgrunn i innvandremiljøer. Å styrke språkkompetansen i norsk og morsmålet for disse gruppene vil kunne gi positive effekter både sosialt og økonomisk, og bidrar dessuten til å styrke demokratiet. Svak språkkompetanse, blant annet dårlig leseferdighet, er også registrert som et problem blant skoleelever rent generelt. Dersom dette viser seg å være et stort problem og et fenomen i utvikling, er språkstyrking en mer allmenn utfordring for samfunnet, og en språkpolitikk bør også ta hensyn til dette forholdet. En språkpolitikk bør følgelig ikke bare gjelde språket som et isolert system, men også omfatte språkets funksjon og stilling i samfunnet, herunder dets betydning for ulike brukergrupper.

En nasjonal språkpolitikk bør omhandle premissene og vilkårene for språklig toleranse, verdiene i både standardspråk og språklig variasjon. Helt sentralt blir det også å klargjøre situasjonen for og utviklingen av og i bokmål og nynorsk, forholdet mellom målformene og deres posisjon i samfunnet. Nynorskens posisjon som mindretallsspråk bør vektlegges spesielt. Språkrådet slutfører for tiden arbeidet med en viss endring av normen i bokmål og nynorsk. Å ha overordnede og langsiktige mål for den videre utviklingen av våre to språkformer vil gi et godt grunnlag og en viktig ramme for normeringsarbeidet i årene som kommer, og for beslutning om andre forhold og tiltak som gjelder språkrøkt.

Forslag til mandat for en språkkommisjon

For å utforme en språkpolitikk med et innhold og slike mål som angitt ovenfor, og for å gi Stortinget det nødvendige grunnlaget for å vedta en formålstjenlig og bærekraftig språkpolitikk, vil det være hensiktsmessig å oppnevne en språkkommisjon som skal lage en bred utredning hvor man drøfter situasjonen for norsk og for andre språk i Norge i dag og i årene som kommer, og fremmer forslag til en langsiktig språkpolitikk i Norge. Kommisjonen bør ha som mandat å drøfte alle relevante forhold og klargjøre hvilke mål en norsk språkpolitikk skal ha både på kort og lang sikt. Det gjelder særlig forholdet mellom bokmål og nynorsk, utviklingen av de to målformene, den språklige effekten av internasjonaliseringen og særlig presset fra engelsk, norsk språk og IKT, situasjonen for samisktalende og for samisk språk, situasjonen for språkbrukere med innvandrerbakgrunn både når det gjelder deres bruk av norsk og eget morsmål, og også norske språkbrukeres situasjon rent generelt, herunder språkkompetansen til og opplæringsbehovet for forskjellige grupper, blant annet situasjonen for dem som er avhengige av tegnspråk. Kommisjonen bør stå fritt til å ta opp andre forhold som den mener er relevante for språksituasjonen i Norge og for utformingen av en langsiktig og bærekraftig språkpolitikk.

Videre bør kommisjonen foreslå tiltak som den mener er egnet til å fremme de målene som settes for språkpolitikken. Det vil blant annet kunne dreie seg om administrative tiltak, lovgivning, regelverk, informasjon, holdningsskapende tiltak, undervisning, forskning, nordisk og internasjonalt samarbeid. De økonomiske konsekvensene av tiltakene bør beregnes. Kommisjonen bør også vurdere funksjonen til Norsk språkråd, herunder ressursbehov, organisering, representasjon og ansvar.

Sammensetning og oppnevning m.v.

Kommisjonen bør være bredt sammensatt og knytte til seg god faglig kompetanse på alle relevante områder. Det er ikke hensiktsmessig å drøfte detaljene i sammensetningen av kommisjonen i denne sammenhengen, men mye taler for at det i tillegg til en kommisjon også bør oppnevnes en referansegruppe hvor medlemmene samlet dekker den aktuelle fagkompetansen. Språkrådet kan gi råd om oppnevningen, men oppnevningen bør foretas av regjeringen. På bakgrunn av kommisjonens utredning bør det legges frem en stortingsmelding. Det kan knytte seg en viss symbolverdi til at det skjer i 2005, men helt uavhengig av at det er et jubileumsår, kan en slik fremdriftsplan antakelig være passende for å gi kommisjonen nødvendig tid for sitt arbeid.

20. mars 2002

På vegne av Norsk språkråd

Ola Haugen

Vedlegg 4

FRAMLEGG I STATSBUDEJETTET OM OMDANNING AV NORSK SPRÅKRÅD

I St.prp. nr. 1 (2002–2003) skreiv Kultur- og kyrkjedepartementet dette om Norsk språkråd:

”Omdanning av Norsk språkråd

I St.meld. nr. 9 (2001–2002) Målbruk i offentleg teneste gjorde departementet kort rede for planene om omlegging av Norsk språkråd til et mer utadrettet kompetanseorgan for norsk språk, og det ble vist til den varslede kulturmeldingen for vidare oppfølging. Ledighet i begge kontorsjefstillingene i sekretariatet har bidratt til å aktualisere saken. Styret har konstituert en daglig leder, og departementet foreslår at det legges inn midler i budsjettet for 2003 til en ny direktørstilling. En slik omlegging fra todelt til samlet ledelse er i samsvar med styrets forslag og har vært med i Språkrådets budsjettforslag gjennom flere år.

Når det todelte lederskap opphører, må det legges stor vekt på å finne andre mekanismer som sikrer at prinsippet om likestilling mellom målformene blir fullt ut tilgodesett i den nye organisasjonen. Ved utlysning av direktørstillingen må det dessuten tas hensyn til den mer omfattende omlegging som ble varslet i meldingen. I samråd med styret har departementet derfor lagt opp til å igangsette en utrednings- og omdanningsprosess i 2003. Det vil bli lagt til rette for medvirkning fra Språkrådets organer og representanter så langt dette er naturlig når det er Språkrådet selv som er gjenstand for vurdering. Hensynet til de ansattes særlige medvirkning vil bli ivarettatt i samsvar med Hovedavtalens bestemmelser.

Den omlegging som skal skje, må ha som utgangspunkt at det er tale om å etablere en ny institusjon i stedet for Norsk språkråd. De fremste språkpolitiske utfordringene dreier seg ikke lenger om de tradisjonelle rettskrivnings- og normeringsspørsmålene, men mer om nødvendige tiltak for språkvern og språkstyrking, herunder å sikre norsk språks status og bruk på ulike samfunnsområder, språklig rådgivning, informasjon og opplysning, utvikling av norsk fagterminologi, spørsmålet om en norsk språkbank, språk og teknologi, tilsyn med den offentlige språkbruk og analyse og evaluering som grunnlag for utvikling og løpende tilpasning av formålstjenlige tiltak.

Et rådsorgan av Norsk språkråds type er ikke nødvendigvis den mest tjenlige modell for organisering og forankring av den nye institusjonen. En hovedoppgave i den vidare prosessen vil derfor være å vurdere alternative organisasjonsmodeller. Det andre hovedspørsmålet blir å gå nærmere igjennom oppgaveporteføljen for den nye institusjonen. Departementet vil komme tilbake til saken i forbindelse med budsjettforslaget for 2004.”

NORSK SPRÅKRÅD
Postboks 8107 Dep, 0032 OSLO
Telefon 24 14 03 50
Telefaks 24 14 03 51